



Sogndal kommune

Arealdel til kommuneplanen 2013 - 2023

**Risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS) og  
verknadar/konsekvensar av endringar i planen**



# 1. Risiko- og sårbarhetsanalyse

I samsvar med § 4-3 i Plan- og bygningslova (PBL) har planmyndigheita (Sogndal kommune) ved arealplanarbeidet ansvaret for at risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse) vert gjennomført for planområdet. På bakgrunn av dei funn som kjem fram i analysen, vil planmyndigheita ha det vidare ansvar for å avgjere om dei planlagde arealformål utgjer risiko, fare eller sårbarheit, og i tilfelle kva tiltak som bør setjast i verk for å avgrense, hindre eller fjerne skadeverknadar.

## 1.1 Analyseobjektet

Analyseobjektet i ROS-analysen tek utgangspunkt i heile arealdelen frå kommuneplanarbeidet med eit særskild fokus på dei areal som er tileigna bustadutvikling, tettstadsutforming, næringsføremål og areal for rekreasjon og sosial infrastruktur.

### 1.1.1 Føresetnader, avgrensingar og antakingar (henta frå Årdal sin ROS)

Følgjande føresetnader er lagt til grunn for risiko- og sårbarhetsanalysen:

- Analysen er overordna og kvalitativ.
- Den er avgrensa til temaet samfunnssikkerheit slik dette er skildra av Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB)
- Utbygging skal følgje relevante lover og forskrifter, som sikringstiltak og liknande.
- Vurderinga er avgrensa til det aktuelle planområdet/analyseobjektet.
- Vurderinga klargjer ikkje uavhengige, samanfallande hendingar.
- Vurderinga omfattar ikkje tilsikta hendingar (sabotasje, hærverk o.l.)

### 1.1.2 Definisjonar og omgrep

Omgrep	Definisjon
Sårbarheit	Manglande evne hjå eit analyseobjekt til å motstå verknadane av ei uønskte hending og til å gjenopprette tilstanden eller funksjonen etter hendinga.
Risiko	Uttrykk for kombinasjon av sannsyn for og konsekvens av ei uønska hending.
Risikoanalyse	Ein systematisk framgangsmåte for å skildre og/eller berekne risiko. Risikoanalysen vert gjennomført ved kartlegging av uønskte hendingar og årsakene til - og konsekvensane av desse.
Risikoreduserande tiltak	Tiltak som påverkar sannsynet eller konsekvensen av uønskte hendingar.
Naturbasert risiko/sårbarheit	Naturlege, stadeigne forhold som gjer at areal kan motstå eller avgrense verknader av uønskte hendingar.
Verksemdsbasert risiko/sårbarheit	Forhold som er relatert til etablerte verksemdar som gjer at føreslått arealbruk kan motstå eller avgrense verknadane av uønskte hendingar.
Sårbare objekt	Anlegg, bygg, natur og kulturområde som er sårbare for inngrep, forureining og skade. Infrastruktur er ikkje med i definisjonen av sårbare objekt.
Infrastruktur	Veg, el-forsyning og liknande som er vesentleg og der stans/skade kan ha store konsekvensar.

## 1.2 Metodikk

ROS-analysen tek utgangspunkt i rettleiaren *Samfunnssikkerheit i arealplanlegging* utforma av DSB. I tillegg er også *Norsk Standard NS 5814:2008, Krav til risikovurderingar* nytta i dette arbeidet.

### 1.2.1 Fareidentifikasjon og sårbarheitsvurdering

Som utgangspunkt for identifisering av farar i arealplanframlegget er ROS-sjekklista frå öSamfunnssikkerhet i GIS, Vestlandetö (SiGVE)-rapporten lagt til grunn.

Ein systematisk gjennomgang av dei mest reelle risikofaktorane er naudsynt for å gjennomføre ei fullstendig sårbarheitsvurdering. Spesielt i eit større kommuneplanarbeid vil tilgjengeleg data- og erfaringsmateriale variere både mellom tema og lokalitetar.

Tabell 1 illustrera graderinga som vert nytta i ei sårbarheitsanalyse:

**Tabell 1 Kategoriar for sårbarheit**

Sårbarheitskategori	Skildring
<b>Svært robust</b>	Eit vidt spekter av hendingar kan inntreffe utan at sikkerheit eller området sin funksjonalitet vert ramma.
<b>Robust</b>	Eit vidt spekter av hendingar kan inntreffe der sikkerheit eller området sin funksjonalitet vert ubetydelig ramma.
<b>Nøytralt</b>	Eit vidt spekter av hendingar kan inntreffe der sikkerheit eller området sin funksjonalitet vert ramma i same grad som andre område av same standard i Noreg.
<b>Sårbart</b>	For eit vidt spekter av hendingar kan sikkerheit eller området sin funksjonalitet bli ramma slik at fare eller betydeleg ulempe oppstår.
<b>Svært sårbart</b>	For eit vidt spekter av hendingar/tema kan sikkerheit eller området sin funksjonalitet bli ramma i betydeleg grad slik at akutt fare eller tap av vesentlege samfunnsfunksjonar oppstår.

### 1.2.2 Kategorisering av sannsyn

Sannsyn er definert som risikoen for at ei identifisert hending skal inntreffe (hendingsfrekvens). Avhengig av tema vil vurdering av sannsyn i hovudsak byggje på erfaring, lokalkunnskap og nye trendar (t.d. ekstremvær).

**Tabell 2 Kategoriar for sannsyn**

Sannsyn kategoriar	Skildring
<b>1. Lite sannsynleg (Teoretisk mogleg)</b>	Sjeldnare enn ei hending pr. 1000 år.
<b>2. Mindre sannsynleg (Kan ikkje utelukkast)</b>	I gjennomsnitt ei hending pr. 10 - 1000 år
<b>3. Sannsynleg (Må påreknast)</b>	I gjennomsnitt ei hending pr. 5 - 10 år
<b>4. Mykje sannsynleg (Inntreff av og til)</b>	I gjennomsnitt ei hending pr. 1 - 5 år
<b>5. Svært sannsynleg (vanleg førekommande)</b>	Ei hending pr. år eller oftare.

### 1.2.3 Kategoriar for konsekvensvurdering

Ei konsekvensvurdering er å nytte tilgjengelege data og erfaring for å kartleggje konsekvens av identifiserte hendingar. Konsekvens vert oftast rekna som økonomiske og materielle tap, og i ytste konsekvens som skade på menneske.

**Tabell 3 Konsekvenskategoriar for liv, helse, ytre miljø og materielle verdiar**

Konsekvens kategoriar	Skildring
<b>1. Ufarleg</b>	- Person: Ingen personskader - Miljø: Ingen skade på miljøet/omgjevnadene - Materielle verdiar: Ingen skade på materiell. Driftsstans/reperasjonar < 1 veke

<b>2. Ein viss fare</b>	- Person: - Miljø: - Materielle verdiar:	Mindre skade som fører til førstehjelpstiltak/behandling Ubetydelege miljøskader som ikkje krev særskilde tiltak Mindre lokale skader på materiell og ikkje augeblikkeleg behov for reperasjon, eventuelt mogeleg betring på kort tid. Reperasjonar < 3 veker.
<b>3. Farleg</b>	- Person: - Miljø: - Materielle verdiar:	Ein alvorleg personskade eller skade på fleire, sjukehusopphald Utslepp til vatn, luft eller jord som kan forårsake lokale forstyringar og som krev tiltak. Betydelege materielle skader. Reperasjonar < 3 veker
<b>4. Kritisk</b>	- Person: - Miljø: - Materielle verdiar:	Kan resultere i langvarig sjukehusopphald eller invaliditet Utslepp til vatn, luft eller jord som kan skade miljøet Alvorlege skader på materiell. Reperasjonar < 3 mnd
<b>5. Katastrofe</b>	- Person: - Miljø: - Materielle verdiar:	Kan resultere i tap av liv Utslepp til vatn, luft eller jord som kan forårsake varige skade Fullstendige materielle skader. Reperasjonar > 1 år

### 1.2.4 Vurdering av risiko

Risiko i arealplanlegging vert oftast definert som ein kombinasjon av konsekvens og sannsyn. For å danne eit oversiktleg bilete av slik risiko kan det vere hensiktsmessig å nytte ei risikomatrise. Dette verktøyet vil kunne plassere identifiserte, uønskte hendingar i forhold til sannsynet for at dei skal inntreffe. Hendingar må ikkje settast direkte opp mot kvarandre. Planlegging og arealforvaltning er gode hjelpemiddel for å handtere og følgje opp farar.

- Hendingar i raudt felt: uakseptabel risiko - tiltaket kan ikkje gjennomførast utan risikoreduserande tiltak
- Hendingar i gult felt: tiltak må vurderast i forhold til kostnad/nytteverdi
- Hendingar i grønt felt: akseptabel risiko, "billege" risikoreduserande tiltak vurderast/gjennomførast

		Konsekvens				
		1. Ufarleg	2. Ein viss fare	3. Farleg	4. Kritisk	5. Katastrofalt
Sannsyn	5. Svært sannsynleg					
	4. Mykje sannsynleg					
	3. Sannsynleg					
	2. Mindre sannsynleg					
	1. Lite sannsynleg					

Figur 1 Risikomatrise

### 1.2.5 Risikoreduserande tiltak

Risikomatrisa bidreg til å kunne prioritere meir effektivt mellom identifiserte risikoar. Dette betyr ikkje at ein aksepterer hendingar med lågare risiko, men å redusere konsekvensar av dei mest kritiske hendingane bør bli gitt høgast prioritert, framfor beredskap.

### 1.3 Risikoanalyse

Sogndal kommune ligg under landskapsregion Indre bygder på vestlandet og strekk seg frå klimasone 5 i Fjærland til klimasone 3 i Sogndalsfjóra, noko som gjev utslag i til dels store variasjonar i årsmiddeltemperatur og årsmiddelnedbør i kommunen.

Gjennomsnittstemperaturen dei siste 10 åra ved Bremuseet i Fjærland er 0,7 grader høgare (10,2 °C) enn tilsvarende registrering ved Sogndal Lufthamn (9,5 °C). Årsmiddelnedbøren ligg kring 1000 mm, men varierer mellom høgareliggande og lågareliggande område.

Kommunen sin klima og energiplan tek mellom anna for seg forventede klimaendringar fram mot 2060. Basert på tal frå Vestlandsforskning har ein kome fram til 11 ulike scenario, noverande kunnskapsgrunnlag gjev ikkje føresetnader for å seie at eit scenario er meir sikkert eller sannsynleg enn dei andre. Datagrunnlaget gjev likevel eit utgangspunkt for å vurdere risiko og/eller sårbarheit, spesielt for natur- og miljøforhold.

Med omsyn til temperatur er det fram mot 2025 venta ei auke på 1,7 grader, medan temperaturen fram til 2060 er venta å auke med 2,8 grader, i forhold til normalperioden 1961-1990. Vår og haust er venta å ha den største temperaturauken.

Det er svært store variasjonar mellom ekstremverdiane anslått for nedbør fram til 2060, lågaste anslag indikerer at haustnedbøren i 2060 vert redusert samanlikna med normalperioden 1961-1990, medan det høgaste anslaget indikerer svært kraftig nedbørauke, særleg i oktober.

Med utgangspunkt i ovannemnde anslag legg ein i denne analysen følgjande føresetnader til grunn:

- Auke i haust- og vintertemperaturar
- Nedbørauke, spesielt i haust- og vintermånadane

#### 1.3.1 Kartlegging av farar

Tabell 4 Kartlegging av risiko og sårbarheit i planområdet

TEMA	JA	NEI	KOMMENTAR
<b>Natur og miljøforhold</b>			
<b>Ras/ Skred/ Flom/ Grunn</b>			
1. Skred/ras/ustabil grunn (Snø, is, stein, leire, jord, fjell)	X		Utbyggingsområda er omkransa av fjell. Skredkart frå NGU syner at tilnærma alle busette område og tiltenkte utbyggingsområde er utsett for ras/skredfare. Rekreasjonsområde er også risikosoner, spesielt med tanke på snøskred.
2. Flaum i vassdrag	X		NVE har utarbeidd flaumsonkart for 10-, 100-, 200- og 500-års flaum i Sogndalselvi med utlaup i Sogndalsfjóra. Kartlegginga syner kva areal som ventast å verte påverka av eventuell flom. Denne inkluderer også ekstremnedbør
3. Stormflo	X		Etablerte område både i Fjærland og kring Sogndalsfjóra grensar til fjord. Sogndalsfjóra er spesielt sårbar i forhold til kombinasjonen flaum i vassdrag og stormflo
4. Erosjon	X		Bør vurderast innanfor flom- og stormflasonene
5. Radon		X	Det er ikkje utført grundige undersøkingar av eventuelle radonførekomstar i planområdet. Målingar frå Statens Strålevern syner at årleg snittverdi for radon i Sogndal er 68 Bq/m <sup>3</sup> , betydeleg under den tilrådde maksimumsgrensa på 200 Bq/m <sup>3</sup> .
6. Skog-/lyngbrann	X		Etablerte område kring Kaupanger er omkransa av mykje skog. Det er ikkje registrert skog-/lyngbrann her sidan tilgjengelege data frå 2001. Spesielt i lengre tørkeperiodar vil

			det vere høgare risiko for skog-/lyngbrann her.
<b>Natur og kulturområder</b>			
7. Sårbar flora	X		Det ligg fleire prioriterte naturtypar innanfor planområdet. Innanfor dei gitte arealformåla må desse takast omsyn til.
8. Sårbar fauna	X		Det er registrert fleire raudlisteartar innanfor planområdet, innanfor dei gitte arealformåla har desse status som nær trua eller sårbar.
9. Verneområde		X	Planens arealformål kjem ikkje i direkte konflikt med registrerte verneområde
10. Vassdragsområde	X		Heile Sogndalselvi-vassdraget innanfor planområdet frå Jostedalsbreen i nord til Sogndalsfjæra i sør er underlagt vern av NVE.
11. Kultur-/fornminne	X		Det er registrert kultur-/fornminne over størstedelen av planområdet. Innanfor dei gitte arealformåla må desse takast omsyn til.
12. Kulturlandskap		X	Det er ikkje registrert heilskaplege kulturlandskap innanfor planområdet.
13. Friluftslivområde	X		Det statleg sikra friluftslivområdet Eide inst i Eidsfjorden er underlagt arealformål for framtidig bygg/anlegg.
<b>Menneskeskapte forhold</b>			
14. Veg, bru, knutepunkt	X		Godt utbygd eksisterande kommunikasjonssystem, vert ivareteke i ny plan. Brot på transportnettet som følgje av ulukke, overbelastning, flaum, ras, eller uver.
15. Tunnel	X		Ca 20 km tunell i planområdet. Kollisjon og brann kan leie til katastrofe.
16. Sjukehus/ -heim, kyrkje	X		Næraste sjukehus i nabokommunen Lærdal, avhengig av ferje for å krysse fjorden. Evt. sentralsjukehus i Førde, gode vegforbindingar, lengre køyretid. Sjukeheim i Sogndal sentrum, kyrkje i Fjærlund, Sogndal og på Kaupanger vert ivareteke i ny plan.
17. Brann/ politi, SH		X	Eksisterande funksjonar vert ikkje negativt påverka av ny plan.
18. Vassforsyning	X		Størstedelen av planområdet er tilknytt kommunale anlegg. Brot på vassforsyningsleidning - fleire alternative tilkoplingsmulegheiter.
19. Handtering av avlaup	X		Størstedelen av planområdet er tilknytt kommunale anlegg. Overbelastning ved nedbør og/eller teknisk svikt kan føre til kloakk i kjellar - bygningskadar, helseskadar.
20. Straumforsyning	X		Ei-forsyning er føresett ivareteke på ein robust måte. Teknisk svikt, uver, linjebrot, brann/havari i trafo kan føre til langvarig svikt i straumforsyning
21. Elektromagnetisk felt	X		Leidningar lokalisert inn til sentrum og bustadområde.
22. Dambrot	X		Brot på demning på Breisete vil føre til øydelagd vassforsyning flaumskadar i Vangestadområdet og på industriområdet på Kaupanger. Brot på demninga ved Årøy kraftstasjon vil føre til skade på tilliggande bru og Rv 55.
<b>Forureiningskjelder</b>			
23. Industri	X		Nortura og Lerum utgjør dei største industriverksemdene i kommunen.
24. Bustad/fritidsbustad	X		Etablering av nye og fortetting av eksisterande bustadområde er lagt inn som formål i ny plan.
25. Landbruk	X		Landbruksområde i størstedelen av planområdet, både urbant og ruralt, kan generere utslepp til vassdrag/innsjø/fjord.
26. Akutt forureining	X		Som følgje av ulucker ved transport av farleg gods, større utslepp frå landbruk eller anleggsarbeid.
27. Støv og støy, industri	X		Noko støy frå Nortura sitt anlegg på Øyane, mest på dagtid. Lerum Fabrikker på Kaupanger ligg godt avskjerma frå bu- og ferdselssoner.
28. Støv og støy,	X		Rv 5 som hovudferdselsåre genererer støy og støy aust-vest

trafikk			gjennom planområdet, størst påverknad har dette gjennom Sogndal sentrum, spesielt vinterstid.
29. Støy andre kjelder	X		Flytrafikk til/frå Sogndal lufthamn og ekspressbåtstopp i Sogndalsfjæra vil dagleg generere støy i kortare periodar.
30. Forureining grunn	X		Det er påvist tre lokalitetar av grunnforureining; Vandaneset, Skrivarholmen og på utsida av Stedjeberg tunnelen. Ingen av desse ligg innanfor innteikna arealformål.
<b>Andre farlige/ spesielle områder/ forhold</b>			
31. Brann-/eksplosjonsfare	X		Nortura og Lerum, saman med større næringsverksemdar på næringsarealet ved Kaupanger, og kjøpesenter og campusanlegg ovanfor Sogndalsfjæra. I tillegg også bremuseet i Fjærland.
32. Farleg gods	X		Rv 5 kryssar gjennom heile planområdet og er hovudforbindinga frå austlandet til resten av fylket. Tall frå DSB indikerer at 1 % av trafikken her vert karakterisert som transport av farleg gods. Dette utgjer spesielt stor risiko då vegen passerar rett gjennom Sogndal sentrum.
33. Ulukke på/ved flyplass	X		Forårsaka av teknisk eller menneskeleg svikt. Avinor har eigen katastrofeplan som vert operert av leiinga ved flyplassen.
34. Høgspenteledning	X		Sjå pkt. 22. Straumforsyning og pkt. 23. Elektromagnetisk felt
35. Avfallsbehandling	X		Sogndal miljøstasjon i Festningedalen, spesialavfall og farleg avfall. Handtert på føreskriftsmessig måte.
36. Vær/føreavgrensingar	X		Lågt skydekke, skodde og sterke vindar kan forhindre flytrafikk til/frå Sogndal Lufthamn.
37. Ulukker i avkjørsel, gåande/syklende.	X		Det er ikkje registrert ulukkespunkt (>5 ulukker) eller andre farlege forhold i planområdet.
38. Andre ulukkespunkt (veg)	X		Det er ikkje registrert ulukkespunkt (>5 ulukker) eller andre farlege forhold i planområdet.

## 1.4 Sårbarheitsvurdering av aktuelle hendingar

Som ein kombinasjon av vurderingane i Tabell 4, sannsyn og konsekvens, er følgjande hendingar valt ut for nærare gransking:

1. Skred/ras/ustabil grunn
2. Flaum i vassdrag, stormflo og erosjon
3. Skog-/lyngbrann
4. Veg, bru, knutepunkt
5. Brot på straumforsyning
6. Elektromagnetisk felt
7. Trafikk som forureiningskjelde
8. Akutt forureining
9. Brann-/eksplosjonsfare
10. Farleg gods
11. Trafikkfare/ulukker i tunnel

Risiko for dei utvalde hendingane er basert på tilgjengeleg offentleg informasjon som varierer både i kvalitet og kvantitet mellom dei identifiserte tema.

### 1.4.1 Skred/ras/ustabil grunn

Frå Klima og energiplanen til Sogndal kommune heiter det at risikoen kring skredfare i kommunen er velkjend og at ein derfor bør rekne med framtidige ras, også på nye stadar. Faresignal i høve ras/skred er mellom anna:

- Terrenghelling. Normalt går det ikkje jordskred når hellinga er mindre enn 30 grader, medan snøskred normalt vert utløyst når hellinga er mellom 30 og 60 grader.
- Store vassmengder samt at vatnet tar nye vegar
- Terrenngrep i bratt terreng
- Bratte fjellskrentar
- Sprekkdanningar i fjell/svakheitssoner

Kart med utarbeida faresoner for skred er eit nyttig verktøy for å vurdere risikoen for noverande og framtidige utbyggingsområde. I Sogndal sentrum og langs Dalavatnet ligg dei tilbygde områda på flatene under fjella som dannar Sogndalsdalen. Størstedelen av desse er derfor også innanfor utlaupsområde for skred, spesielt snøskred. Det same er tilfelle i Fjærland der geografien gjer til at tilnærma ingen av dei noverande flateareala under fjella ligg utanfor fareområde for skred. Som ein konsekvens av dette er framtidige bustadareal lokalisert ved Skarestad, her er det vurdert å vere utanfor fareområde for skred. Føresegnene set krav til at i forkant av all utbygging innanfor faresoner for skred skal det vere gjennomført sakkunnig geoteknisk vurdering.

Skianlegget i Hollekve, som tilrettelagt rekreasjonsområde, kan vere risikoutsett med tanke på snøskred. Snøskred utløysast oftast naturleg i område med ustabil snødekke og meir enn 30 graders helling. Tap av menneskeliv er likevel oftast eit resultat av at ein sjølv utløyser skredet ved aktivitet i skredfarleg terreng. Gjennomsnittleg omkommer 3-5 personar i året på landsbasis. Tiltak for å førebygge skade og/eller tap av menneskeliv inkluderer varslingsområde, rasfare, val av trygge løypestrøg og kvalifisert beredskap - redningsteneste.

Planens føresegner om risiko og sårbarheit set saman med ROS-analysen føringar for tiltak og bygging i planområdet.

Planområdet er utsett for fleire ulike typar skred/ras, samstundes er rasfaren godt dokumentert. Planområdet vert vurdert til å vere **nøytralt til sårbart** med føresetnad i at faren for skred/ras/ustabil grunn vert teke omsyn til ved all tiltak og nybygging.

#### **1.4.2 Flaum i vassdrag, stormflo og erosjon**

Dei tre hendingane vert her vurdert under eitt med grunngeving i at årsak og verknad er sterkt relatert mellom desse.

Månadsmiddeltemperaturen i Sogndal har mellom 1961-1990 låge mellom høgste 15 grader i juli til lågaste -1,5 grader i januar. Denne gjennomsnittstemperaturen er venta å auke med 1,7 grader fram til 2025 og 2,8 grader fram til 2060, i forhold til 1961-1990-perioden. Tilgjengelege data seier ikkje noko om ekstremverdiane.

Nedbørsdata syner at mellom 1961-1990 var april tørraste månad med gjennomsnittleg 1,9 mm døggnedbør, og motsett var september våtaste månad med 7 mm døggnedbør i gjennomsnitt. Fram til 2060 er det knytt stor uvisse tilknytt nedbørsutviklinga, ein opererer derfor både med minimumsverdiar, gjennomsnittsverdiar og maksimumsverdiar. April er rekna å verte den tørraste månaden med gjennomsnittleg 2,5 mm døggnedbør medan oktober vert våtast med gjennomsnittleg 6,3 mm døggnedbør. Desse to månadane er også forventa å verte mest ekstreme i forhold til nedbør med ein minimumsverdi på 1,8 mm døggnedbør i april og 11,7 mm døggnedbør i oktober. Ekstremnedbør førekjem likevel sjeldan.



Flaumsonkartlegging utført av NVE avdekkja kva område der sannsynet for flaum er størst, spesielt i Sogndal sentrum er/kan vere svært flaumutsett. Kartlegginga omfattar 10-, 20-, 50-, 100-, 200-, 500- og 1000-års flaum. Klimaendringar kan vidare bidra til at storleik, tidspunkt og hyppigheit i flaumutsette område i framtida kan avvike frå noverande mønster.

Grøver og elver lokalt kan også flaume over eller forlate deira naturlege laup, desse vert fortløypande innmeldt til og registrert hjå kommunen. Fleire sikringstiltak mot både flaum og erosjon er gjennomført i planområdet, i hovudsak langs Rv 5, men også i dalane kring Fjærland. Vidare er det gjennomført sikringstiltak ved Dalavatnet, Årøy, Eide, Dalen, ved Lerum Fabrikker sitt anlegg i Hola, og på Kaupanger ved Amla og Furehaugen.

Stormflo er omtalt i Klima og energiplanen, konsekvensane av ei stormflo vil auke i takt med den dokumenterte havnivåauken på 0,5-0,8 m dei neste 100 år. Vestlandsforskning har utarbeida eit scenario der ein legg til grunn ein auke i stormflonivå på 10 cm det neste hundreåret. Dette vil kunne resultere i stormflo som er 50-81 cm høgare enn den største registrerte stormfloa i Sogndal per dags dato.

Planføresegner om risiko og sårbarheit set saman med ROS-analysen føringar for tiltak og bygging i planområdet.

Med grunnlag i ovannemnde registreringar og kartleggingar vert planområdet vurdert som **nøytralt til sårbart** i relasjon til flaum i vassdrag, stormflo og erosjon.

#### **x.4.3 Skog-/lyngbrann**

Ukontrollert brann i naturen, som skog-/lyngbrannar, er i Noreg eit resultat av tørke i kombinasjon med lynnedslag, menneskeleg uforsiktigheit eller eldpåsetting. Mellom 1913-1917 var meir enn 80 % av alle registrerte skogbrannar i Noreg forårsaka av menneske. På Vestlandet gjev store mengder strø, tjukk råhumus på lyngmark, mykje einer samt bra vindtrekk gunstige spreingsforhold for brann og høg brannintensitet. På fylkesbasis var det seinast våren 2013 nærare 30 innmeldte bråtebrannar som kom ut av kontroll og kravde assistanse frå brannvesen for å få under kontroll. Skog-/lyngbrannar kan utgjere ein fare for liv og helse, utbyggingsområde og jordbruksområde, i Noreg er det lovfesta at alle skogbrannar skal sløkkjast. Frå 2000-2012 har DSB berre registrert 1 skogbrann i Sogndal kommune.

Frå Brannlova heiter det at det lokale brannvernet skal knyte til seg lokal kunnskap om dei ressursar som er tilgjengeleg for sløkkingsarbeid, mellom anna skogsbilvegar, hogstflater og vasskjelder. I tillegg bør ein nytte seg av tilgjengeleg utstyr og maskiner som bønder og skogbrukarar kan stille til disposisjon. Ein plan for mobilisering av sivilforsvaret, heimevernet og/eller hjelpekorps bør også vere på plass. Brannvernet i Sogndal nyttar menneskap frå sivilforsvaret ved trong for meir assistanse i sløkkjearbeid.

Areal som er mest utsett for skog-/lyngbrann er truleg skogområda frå Kjørnes og austover forbi Kaupanger til kommunegrensa ved Mannheller. Kring Kaupanger vil det truleg vere mest kritisk med tanke på spreining til bustadområde, industriområde og store verdfulle skogområde. Skogbrannen mellom Sogndal og Kaupanger i juni 2013 syner at faren er reell. Med omsyn til noverande beredskapsnivå og skog-/lyngbrann sin naturlege del av dynamikken i økosystemet vert sårbarheit innanfor arealplanområdet vurdert til **nøytralt**.

#### 1.4.4 Veg, bru, knutepunkt

Det eksisterande vegsystemet i kommunen knyt grendene saman med tettstadane og vidare til det regionale vegnettet. Sett vekk ifrå den varierende standarden på veg og vegdekke er det eksisterande vegsystemet i tillegg sårbart med omsyn til ulukker, overbelastning, flaum, skred eller uver. Aller mest kritisk vil det vere for grendene og bygdene utan omkøyringsmuligheit dersom den faste vegforbindelsen skulle felle vekk over så lang tid at det vert ei belastning for daglege rutinar og gjeremål. I eit verre scenario kan dei same faktorane direkte resultere i fatale konsekvensar, som hardt skadde og/eller tap av liv.

Skred- og flaumsikringstiltak vert finansiert statleg for riks- og fylkesvegar. Etter fullføringa av Stedjeberg tunnelen har ikkje Statens vegvesen prosjektert vidare skredsikringsstiltak i kommunen. Steinsprang i april ved Årøy syner likefram at risikoen for steinskrud endå heller ikkje er nøytralisert på det statlege vegnettet.

Kommunen har ei endå større utfordring knytt til dårleg vegstandard og/eller stor belastning på flaum- og skredutsette kommunale vegar. Kommunale vegar mellom grender, langsetter fjordane og opp i dalane er oftast bygd oppå eldre gards- og kjerrevegar, berekna på ein heilt anna bruk og belastning enn dagens transportbehov og køyretøy. Denne underkapasiteten på det kommunale vegsystemet bidreg til auka belastning, slitasje og vedlikehaldsutgifter. Geografien i planområdet gjev store utfordringar for flom- og skredsikring langsetter delar av det kommunale vegnettet. For dei fleste busette område tilknytt det kommunale vegnettet vil, med omsyn til demografi og geografi, ivaretaking av vegnettet i dei fleste høve vere høgare prioritert enn gjennomføring av kostbare sikringstiltak og/eller bygging av nye vegstrekkertunnelar.

Ivaretaking av eksisterande kommunikasjonsnett vert sett på som viktig for å oppretthalde busetnaden også utanfor tettstadane i kommunen. Eit markant auka transportbehov og auka køyretøyfrekvens på desse vegane vil i tillegg til auka slitasje og faren for isolasjon, også forsterke risikoen for meir alvorlege ulukker og fatale konsekvensar av flaum og skred. Med ivaretaking av dagens vegstruktur og ved å generelt avvise etablering av nye, større bustadfelt i område som berre er tilknytt skred- og flaumutsette vegar med låg standard, vil planområdet verte vurdert som *nøytralt til sårbart* for brot på transportnettet.

#### 1.4.5 Brot på straumforsyning

Lengre svikt i straumforsyning kan gje manglande oppvarming i sjukeheim, manglande tilgang til elektronisk journalsystem som inneheld viktig helseinformasjon og problem for heimebuande eldre og funksjonshemma. Det kan også føre til problem for alle kommunale tenester og for næringslivet.

Både helse- og omsorgstenesta er avhengig av tilgang til elektronisk journalsystem for å kunne gje rette tenester. Omsorgssenteret i Sogndal har tilkoplingspunkt for aggregat 63 A, ca 25 kW. Sentralbordet har 4 timar med naudstraum, serverande 30 minuttar. Heimesida er kopla på ein ekstern server.

Framtidige utbyggingar av Sogndal helse- og omsorgssenter vil det verte teke omsyn til behovet for reservestraum, men det vil ta fleire år før ei slik løysing er klar.

Med omsyn til dagens situasjon og behovet for straum til kritiske/livsviktige funksjonar vert planområdet vurdert som *sårbart til svært sårbart* for lengre svikt i straumforsyning.

### 1.4.6 Elektromagnetisk felt

Elektromagnetiske felt oppstår som ein kombinasjon av usynleg elektrisk energi og magnetisme, dette kan genererast naturleg, men også gjennom menneskeleg aktivitet som ved bruk av elektrisitet. I rapport Health Effects of Exposure to EMF frå EUs Directorate-General for Health & Consumers presentera ein mistanke og førebelse forskingsresultat på lågfrekvensstråling, som vert generert av straumleidningar og vanlege hushaldningsapparat, og om dette kan føre til auka sannsyn for leukemi i ung alder eller Alzheimers. Ein er så langt ikkje komme fram til noko eintydig konklusjon.

Frå NOU 1995:20 konkluderer ein med at born som bur nær kraftleidningar har ein tilnærma dobla risiko for leukemi, resultata synast å vere ein konsekvens av magnetfelt med høgare verdiar enn 0,2-0,3  $\mu\text{T}$  (mikro Tesla). Det er ikkje funne auka fare for leukemi for vaksne som bur nær kraftleidningar.

I eit vanleg bustadmiljø vil eit typisk magnetfelt ha ein verdi på 0,01-0,1  $\mu\text{T}$ , ved bruk av elektriske apparat kan ein derimot oppleve eksponering opp mot 10-100  $\mu\text{T}$ . Etter strålevernforskriftas § 26 skal, med omsyn til miljø, estetikk, kostnader, etc., all stråling haldast så lågt som mogeleg. Dersom det ikkje eksisterer nasjonale standardar skal ein følgje relevante retningslinjer frå Den internasjonale kommisjonen for beskyttelse mot ikkje-ioniserande stråling (ICNIRP).

Statens strålevern oppmodar til ei føre var handling og anbefaler kommunen å ettersjå at utbyggingar og planarbeid nær kraftleidningar vert utreda. For private utbyggingar i allereie regulerte område bør kommunen skaffe til vege og presentere utbyggar med informasjon om forventa magnetfeltnivå.

Høgspenlinjene i området er teikna inn med omsynssoner i planen, med utgangspunkt i at det vert teke omsyn til desse, og praktisering av føre var prinsippet for utbyggingar, vert planområdet vurdert som *nøytralt til robust*.

### 1.4.7 Trafikk som forureiningskjelde

Frå byrjinga av 1980-talet har bilen gradvis teke over som den største kjelda til lokal forureining i byar og tettstadar. Frå 1991-2005 auka vegtrafikken i fylket med 31 %. Sogndal er eit kommunikasjonsknutepunkt med flysamband, ekspress og hovudferdselsåra Rv5, kontinuerlege ÅDT-data er tilgjengelege for tre punkt i planområdet:

Tabell 5 ÅDT 2012 i planområdet

Målepunkt	ÅDT (2012)
Fodnes-Manheller	1761
Kaupanger	4283
Sogndal sentrum <sup>1</sup>	7900
Frudalstunnelen	1244

Det markant høgare ÅDT-talet for Kaupanger vitnar om stor lokaltrafikk, som registrerte ÅDT-data frå 2009 indikerer er dette talet truleg endå høgare inn mot Sogndal sentrum. Vegtrafikk kan bidra til lokal forureining av luft og/eller vatn. Dei vanlegaste forureiningskjeldene er eksos og slitasje av vegdekke, spesielt av piggdekk vinterstid.

<sup>1</sup> Dette er tal frå 2009

Forureiningslovas kapittel 7 set minimumskrav til kvaliteten på utandørs luft i Noreg for svevestøv, nitrogendioksid (NO<sub>3</sub>), svoveldioksid (SO<sub>2</sub>), bly, ozon, benzen og karbonmonoksid (CO). Desse krava gjeld ikkje for tunnelar, parkeringshus og tilsvarande. Det er kommunen sitt ansvar at desse ulike minimumskrava vert overhaldd, dette inkluderer overvaking, utreining og gjennomføring av tiltak for å betre luftkvalitet.

Vegtrafikkstøy kan resultere søvnforstyrningar, hovudpine og trøttleik. Forureiningsforskrifta set ei grense på maksimalt innandørs støynivå i gjennomsnitt over døgeret til 42 dBA. Ved overskriding av denne grensa er det for riksvegar og europavegar Statens vegvesen som har ansvar for å gjennomføre støyreducerande utbetringar. I Sogndal sentrum med tettast busetnad og høgast ÅDT er det ikkje gjort registreringar høgare enn døgngjennomsnitt 40 dBA innandørs støynivå.

Mengda lokal- og gjennomgangstrafikk i tettbygde strøk av Sogndal vert per dags dato ikkje rekna som helsefarleg med omsyn til luft- og støyforureining. Med omsyn til dagens trend av stadig aukande transportmengd vert planområdet vurdert som *nøytralt til sårbart* for luft- og støyforureining.

#### 1.4.8 Akutt forureining

Forureiningslovens § 43 gjev pålegg om at "Kommuner skal sørge for nødvendig beredskap mot mindre tilfeller av akutt forureining som kan inntreffe eller medføre skadevirkningar innan kommunen, og som ikkje dekkes av privat beredskap etter §§ 40-42." Vidare gjev § 44 forureiningsmyndigheitene rett til å stille krav til den kommunale beredskapen, få framlagt ein beredskapsplan til godkjenning, samt å pålegge kommunar om å samarbeide om beredskap. Sjølv om situasjonen fell utanfor kommunens beredskap har kommunen etter § 46 likevel plikt til å aksjonere.

I praksis betyr dette at kommunar skal sørgje for naudsynt beredskap mot mindre tilfelle av akutt forureining som kan inntreffe eller medføre skadeverknadar innan kommunen, og som ikkje dekkast av privat beredskap. Sogndal kommune er del av Interkommunalt utval mot akutt forureining (IUA) Sogn og Sunnfjord, Florø er vertskommune for denne ordninga. I Sogndal brannstasjon er det utplassert ein kjemikaliehengar med diverse spesialutstyr for sanering av kjemikalieuhell på land og på sjø. Det er også kjemikaliedykkarar ved denne stasjonen. Sogndal brannstasjon disponera elles ein redningsbil, to brannbilar, og ein tankbil. Det er i tillegg plassert eit større lenselager på kaianlegg i Leikanger kommune.

Akutt forureining kan omfatte trafikkulukker med farleg gods, større utslepp frå landbruk eller anleggsarbeid, flyulukker og skipshavari. Konsekvensar inkluderer ureining av vassdrag eller sjø, fare for plante- og dyreliv, og fare for menneskeleg liv og helse. Sannsynet for akutt forureining av drikkevasskjelda til Sogndal, Breisetevatnet, vert rekna som lite sannsynleg. Det er vanskeleg å føresei lokalitet, type og omfang av akutt forureining. Kartlegging, anskaffing av føremålstenleg utstyr og øving på realistiske situasjonar vil vere førebyggjande tiltak. Planområdet vert vurdert som *nøytralt* i forhold til akutt forureining.

#### 1.4.9 Brann-/eksplosjonsfare

Dei største industriverksemdene i planområdet er Nortura lokalisert på Granden (Øya) og Lerum Fabrikker lokalisert i Hola på Kaupangerskogen. Deira verksemdsart krev ikkje bruk eller lagring av stoff som utgjer openbar eksplosjonsfare. Verksemdene gjennomfører sjølv eigne interne risikoanalysar.

Større offentlege samlingsplassar, som næringsarealet på Kaupanger, kjøpesenteret Sogningen og nye kjøpesenteret ved Nedrehagen, Fosshaugane Campus og bremuseet i Fjærland, utgjer alle ein risiko for tap av menneskeliv og materiell ved brann. Industri-, næringsverksemdar og offentlege funksjonar har sjølv ansvaret for å utarbeide og gjennomføre godkjende branntryggingssplanar, medan kommunen har ansvar for at brannvesenet samarbeider med andre aktuelle myndigheiter, slik at lover og forskrifter gitt for å kontrollere brannrisikoen vert anvendt samordna.

Nærleik til bustadområde kan utgjere ein risiko ved tung brannrøyk. Denne røyken inneheld alltid irriterande samanbindingar og mulegvis også giftige gassar som kolos og blåsyre. Helsedirektoratet anbefaler oftast frisk luft og kvile etter kontakt med brannrøyk, men i enkelttilfelle kan det vere naudsynt med medisinsk tilsyn.

Brannhendingar kan ha stor negativ konsekvens for enkeltindivid og lokalsamfunnet generelt, medan kommunen kan fortsette sitt virke og oppretthalde sine funksjonar. Med bakgrunn i beskrivne forhold vert planområdet vurdert til *nøytralt* for brann-/eksplosjonsfare.

#### **1.4.10 Farleg gods**

Etter DSB er farleg gods ei fellesnemning på kjemikalie, stoff, stoffblandingar, produkt, artiklar og gjenstandar som har slike eigenskapar at dei representerer ein fare for menneske, materielle verdiar og miljø ved eit akutt uhell. Risikoen som følgjer transport av farleg gods er i hovudsak tilknytt utforkøyring, kollisjon og/eller brann i transportmiddel. Gjeldande forskrifter for ein kvar transport av farleg gods vert forvalta av DSB.

Stadfesta ÅDT-tal i planområdet frå 2012 er beskrivne i Tabell 5. Rv 5 passerar aust-vest gjennom planområdet og er hovudferdselsåra både for lokal, regional og nasjonal vegtrafikk, tall frå DSB syner at i 2002 var 1 % ( $\approx 10900$  tonn) av transporten på dette vegstrekket definert som farleg gods. I perioden 2002-2011 har DSB registrert ei ulukke med farleg gods i Sogndal kommune.

Det er knytt ekstra stor risiko til at Rv 5 passerar rett gjennom Sogndal sentrum og tettbygde område. Det er vanskeleg å føresei konsekvensar av ei ulukke då typen farleg gods kan variere mykje og dermed også det sannsynlege hendingsgangen. Førebyggjande tiltak inkluderer å tileigne seg kunnskap om farleg gods i tillegg til anskaffing av kjemikalie-/vernedrakter.

Sannsynet for at ei ulukke med farleg gods skal inntreffe medan den passerar gjennom område med tett busetnad og stor aktivitet vurderast til å vere liten, samstundes er konsekvensane av ei ulukke høgst uføreseieleg. Med omsyn til dette vert planområdet vurdert som *nøytralt* for farleg gods.

#### **1.4.11 Trafikkfare/ulukker i tunnel**

Statistikk frå Transportøkonomisk institutt (TØI) syner at storparten (89 %) av personskadeulykker fører til lettare skade. Ulykker som fører til alvorlig skade eller død står for resten av ulykkene (11 %). TØI har gjort berekningar som syner at på vegsystem i område med eit spreidd utbyggingsmønster, er tal personskader pr. million køyretøykilometer 0,17 i 80 km/t sone.

Rv 5 er hovudgjennomfartsåra og mest trafikkerte vegen i planområdet. I nasjonal vegdatabank er det registrert 210 trafikkulukker på Rv 5 innanfor planområdet, desse er registrert i tidsrommet 1978-2012. Utkomme av ulukkene varierer mellom ikkje registrert (0,5 %), uskadde (8,6 %), lettare skadde (72,9 %), 22 alvorleg skadde (10,5 %), svært alvorleg skadde (0,9 %) og 14 drepne (6,6 %).

Tek ein utgangspunkt i gjennomsnittet frå 2012 ÅDT-data langs Rv 5 gjennom planområdet på 3797 og ei strekning på 59 km, gjev dette opp mot om lag 82 mill. køyretøykilometer årleg på Rv 5. Ein kan ut frå nasjonal hendingsfrekvens legge til grunn (0,17 x 82 ulykker/mill. køyretøykilometer) 13,94 personskadeulykker per år.

Med utgangspunkt i TØIs statistikk må ein rekne med 14 ulykker på Rv 5 årleg og tre ulukker med alvorleg skadd/død i løpet av ein to-årsperiode. Dette talet kan vere noko misvisande då Rv 5 gjennom tettbygde strøk også har regulerte 50 km/t-, 60 km/t - og 70 km/t -soner. Dei registrerte ulukkene i tidsrommet 1978-2012 gjev ein årleg gjennomsnittleg ulukkesfrekvens på 6. Frå 2000-2012 er det registrert 87 ulukker, noko som gjennomsnittleg gjev ein årleg ulukkesfrekvens på 7,25. Altså er det reelle talet på ulukker på Rv 5 tilnærma halvert samanlikna med TØIs statistikkbase.

Ved trafikkulukke i tunnel kan ein stå ovanfor spesielt kritiske situasjonar. DSB beskriv at ved ulukker og brann kan fluktvegen verte blokkert og redningsarbeidet vere vanskelegare enn på vegar i dagen. Risikoen for ulukker er høgst i overgangssonene mellom tunnelen og vegen i dagen, statistisk sett vil likevel dei aller fleste vegar i rurale og urbane strøk ha høgare risiko for personsskadar enn tunnelar. Som førebygging mot katastrofale tunnelulukker skal det vere varsellys i tunnellingang og ventilasjonssystem i alle tunnelar. Vidare skal det vere radiodekning for varsling på bilradio. Øvingar og samarbeid med Sogn brann og redningsteneste er svært relevant i tilfelle ei reell hending.

Med samanlikningsgrunnlag til tala på landsbasis vert trafikkfare på Rv 5 vurdert til *nøytralt*. Så lenge ulukker framleis inntreff og med omsyn til Statens vegvesens 0-0 visjon, kan det vanskeleg forsvarast å vurdere ein vegstrekning som robust eller svært robust, trass i oppløftande tal.

## **1.5 Generelle funn for oppfølging**

Følgjande hending er med utgangspunkt i fareidentifikasjon og gjennomgang i sårbarheitsvurderinga funne å krevje generell oppfølging for å utgreie eit heilskapleg informasjonsgrunnlag:

### **1. Flaum i vassdrag, stormflo og erosjon**

NVEs flaumsonkart dekker berre nedste del av Sogndalselvi frå Foss ned til og med Øyane. Foreløpig er det ikkje utarbeida aktsemdskart for flaum i Noreg, på linje med stein- og snøskred. Frå NVEs retningslinjer for Flaum- og skredfare i arealplanar kan utgreiing av potensielle fareområde på kommuneplannivå i utgangspunktet utførast av kommunen sjølv, basert på eksisterande kartlegging og lokal kunnskap. Detaljert farekartlegging på reguleringsplannivå skal utførast av ein fagkyndig person. I enkelttilfelle kan potensielle fareområde "friskmeldast" utan nærare undersøkingar av fagkyndige personar. Dette må grunngjevast, og kunne etterprøvast, i ROS-analysen og planbeskrivinga.

## 1.6 Representative uønskete hendingar

Med utgangspunkt i fareidentifikasjon og sårbarheitsvurdering er følgjande representative og vedtaksrelevante uønskete hendingar valt ut for nærmare generell vurdering:

1. Flaum som medfører vasstand opp i byggeområde og bygningar langs vassdrag
2. Skred/ras/ustabil grunn ved faste installasjonar

### Generell vurdering

#### HENDING 1: Flaum som medfører vasstand opp i byggeområde og bygningar langs vassdrag

##### Drøfting av sannsyn

Det ligg føre flaumsonekart som syner flaumnivå for ei rekkje flaumsituasjonar. Det har førekome flaumar, og dei vil gjenta seg med ujamne mellomrom. Som følge av regulering av vassdrag og venta klimaendringar er truleg risikoen størt for øydeleggjande flaumar om hausten. Hyppigheit av mindre flaumar vil ein truleg oppleve om våren i samband med snøsmelting.

På bakgrunn av kartlegging som er gjort av NVE vert flaum vurdert som **mindre sannsynleg**, dvs. gjennomsnitt ei hending pr. 10 . 100 år.

Kombinasjonen av flaum og stormflo føreset samanfall i hending og sannsynet er vurdert til å vere mindre enn for flaum.

##### Drøfting av konsekvens

Kart utarbeidd av NVE syner at det er areala i frå Foss nedetter langs Sogndalselvi og kjellarar innafør Øyane-området spesielt som er mest utsett for hendinga. Det er liten forskjell på nivå for ein 100-årsflaum og ein 200-årsflaum.

##### Person:

Det må reknast med at ekstremvær er ein situasjon som vert varsla. Det vil vere areala nærmast elva som vert direkte utsett. Personar vert truleg ikkje påført skader, dvs. **ein viss fare**.

##### Miljø:

Flaum av areal som ikkje er ein naturleg del av elvelaupet i området der det ikkje er registrert forureining vil gje ubetydelege miljøskadar, dvs. **ein viss fare**.

##### Materielle verdier:

Det er bygg og anlegg som får dei største konsekvensane av flaum. Innanfor planområdet er det ei rekkje bygg i flaumutsette område eller område der flaumsituasjonar kan medføre inntrenging av vatn i underetasje. Flaum vil kunne medføre betydelege materielle skader, dvs. **farleg**.

### OPPSUMMERING

Verdi	Sannsyn					Konsekvens					Risiko		
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	Grøn	Gul	Raud
Liv og helse		X					X				X		
Ytre miljø		X					X				X		
Samfunn		X						X				X	

##### Risikoreduserande tiltak:

Bygningar, anlegg, installasjonar og annan kritisk infrastruktur som kan ta skade av flaum/høg vasstand bør førast opp i konstruksjon som hindrar innsig av vatn. Tekniske installasjonar bør monterast slik at dei ikkje tek skade av høg vasstand/flaum.

## Generell vurdering

### HENDING 2: Skred/ras/ustabil grunn ved faste installasjonar

#### Drøfting av sannsyn

Vurdering av risiko knytt til skred/ras/ustabil grunn er gjort med utgangpunkt i NGUs kartløyning for skred, dette er ei generell framstilling av kvar ein må utvise aktsemd for snø- og steinskred. Utarbeidinga av aktsemdskarta er gjort med ein datamodell som utifrå topografien identifiserer kvar utløyning av skred er mogeleg. Karta seier ingenting om sannsynet for at ei skredhending faktisk inntreff.

NGI utviklar dette kartdatagrunnlaget gjennom synfaring med skredeksperter og vurdering av lokale forhold som kan påverke utløpsområdet, dette er endå ikkje gjennomført i Sogndal. NGU anbefaler kommunar med meir detaljert kartgrunnlag at dette overprøver NGUs skredkart. Frå NGU sine nettsider heiter det også at karta er meint som eit grunnlag for å vurdere skredfare og fastsetje omsynssoner med potensiell skredfare på kommuneplannivå. Ved framlegging av detaljplanar og byggesøknadar må meir detaljerte faresonekart utarbeidast.

NGUs skredkart syner aktsemdssoner for fleire område i kommunen, på bakgrunn av den generelle vurderinga som ligg i botn og noverande mangel på ekspertvurderingar og kjennskap til lokale forhold vert føre-var-prinsippet praktisert. Det bør derfor reknast som **sannsynleg** at ei skredhending vil inntreffe innanfor aktsemdsområda.

#### Drøfting av konsekvens

Store delar av planområdet ligg i nær tilknytning til fjell og fell dermed under aktsemdsområda for skred. Dette omfattar både busette område, inkludert delar av Sogndal sentrum, og meir grisgrendte område. Det er openbart at steinsprang eller skred vil kunne ha omfattande konsekvensar i busette område, nærast garantert er materielle skadar, men meir kritisk kan det også verte fare for liv og helse.

#### Person:

Sidan 1700 har det i Sogndal kommune vore 10 hendingar knytt til skred/ras/ustabil grunn som har kravd minimum 75 menneskeliv, talet drepne og skadde er truleg høgare. Med ei hending i snitt kvart 30 år som krev menneskeliv, i tillegg til andre alvorlege skadar som kan følgje, reknar ein ei slik hending å ha medføre alvorlege skadar, dvs. **farleg**.

#### Miljø:

Ytre miljø vil kunne verte påverka av ei slik ulykke. Konsekvensane vil i hovudsak vere lokale, dvs. **ein viss fare**.

#### Materielle verdier:

Skade på materielle verdier vil mest sannsynleg vere katastrofale innanfor nedslagsfeltet, dvs. **farleg**.

## OPPSUMMERING

Verdi	Sannsyn					Konsekvens					Risiko		
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	Grøn	Gul	Raud
Liv og helse			X					X				X	
Ytre miljø			X				X				X	X	
Samfunn			X					X				X	

#### Risikoreduserande tiltak:

Bustadbygging må leggjast utanfor dokumenterte faresoner for skred/ras/ustabil grunn. Allereie etablerte bustadområde innanfor dokumenterte faresoner bør det vurderast sikringstiltak for; rasvoll eller sikring av utløpsområde.



## 1.7 Oppsummering generell del

Gjennom ROS-analysen er fareidentifikasjon, ei overordna sårbarheitsvurdering og hendingsbasert risikovurdering av representative uønskte hendingar gjennomgått. Som resultat av dette er følgjande funn gjort:

UH1: Flaum som medfører vasstand opp i byggeområde og bygningar langs vassdrag. Området er i sårbarheitsanalysen vurdert som nøytralt. Hendinga er vurdert til å vere ei **gul hending**.

Anbefalt oppfølging er at bygningar, anlegg, installasjonar og annan kritisk infrastruktur som kan ta skade av flaum/høg vasstand bør først opp i konstruksjon som hindrar innsig av vatn. Tekniske installasjonar bør monterast slik at dei ikkje tek skade av høg vasstand/flaum.

UH2: Skred/ras/ustabil grunn ved faste installasjonar. Området er i sårbarheitsanalysen vurdert som sårbart. Hendinga er vurdert til å vere ei **gul hending**.

Anbefalt oppfølging er at bustadbygging må leggjast utanfor dokumenterte faresoner for skred/ras/ustabil grunn. Allereie etablerte buområde innanfor dokumenterte faresoner bør det vurderast sikringstiltak for; rasvoll eller sikring av utløpsområde.

### 1.7.1 Samandrag

Tilgjengelege data og gjennomgang av desse i ROS-analysen har ikkje avdekket hendingar med uakseptabel risiko. To hendingar er funne å ha ein akseptabel risiko, føreslåtte tiltak for sikker drift av areal vil førebygge negativ endring av denne risikoen.

Denne ROS-analysen må lesast som ein generell og overordna vurdering for heile planområdet, som ikkje har teke omsyn til særskilde etableringar med unntak av dei generelle planføremål som er lagt til grunn i arealplanen. Vidare detalj-/reguleringsplanlegging og/eller gjennomføring av tiltak vil krevje eigne vurderingar, i nokre tilfelle eigne ROS-analyser, med omsyn til tiltak som skal gjennomførast og dei generelle funna i høve flaum i vassdrag, stormflo og erosjon vert følgt opp.

## 1.8 Risikovurdering av muleg framtidig arealbruk

Risikovurdering av moglege ny (framtidig) arealbruk og utviklingsareal (noverande) arealbruk for kvar einskild arealbruksendring er integrert i konsekvensutgreiinga (KU).

Tabell 6 Samla vurdering av risiko og sårbarheit

Alternativ	Risiko og sårbarheit
Tettstadutvikling i Sogndal Bustadfortetting kring sentrum (B13)	Grundigare kartlegging av arealformålet bør vurderast med omsyn til skred. Det er ikkje avdekket særskild fare som følgje av flaum.
Tettstadutvikling i Sogndal Sentrumsutviding (BS1, BS2, BS3, BS4, BS5)	Sørlege del av utviklingsarealet ved Kvåle må vurderast i forhold til potensiell flaumfare. Med unntak av BS1 og BS5 bør utviklingsareala kartleggast grundigare med omsyn til skred
Tettstadutvikling i Sogndal Bustadutbygging austover på Barsnes (B3, B4)	Grundigare kartlegging av arealformåla bør vurderast med omsyn til skred. Det er ikkje avdekket særskild fare som følgje av flaum.
Tettstadutvikling på Kaupanger Bustadfortetting kring sentrum (B5-1, B5-2, B6, B7-1, B7-2, B8)	Med unntak av BS1 og BS5 bør utviklingsareala kartleggast grundigare med omsyn til skred. Det er ikkje avdekket særskild fare som følgje av

	flaum.
Utvikling i grendene Bustadbygging i Fjærland (B1)	Utbyggingsarealet ved Skarestad må vurderast i forhold til potensiell flaumfare. Det er ikkje avdekka særskild fare knytt til skred.
Utvikling i grendene LNFR-føremål i Fjærland (LS1)	Grundigare kartlegging av arealformålet bør vurderast med omsyn til skred. Utviklingsarealet i Supphelledalen må vurderast i forhold til potensiell flaumfare.
Utvikling i grendene Bustadbygging på Norane (B2)	Grundigare kartlegging av arealformålet bør vurderast med omsyn til skred. Det er ikkje avdekka særskild fare som følgje av flaum.
Utvikling i grendene Bustadbygging Kjørnes-Eide (B9, B10)	Sørlege del av utviklingsarealet i Eidsgrenda må vurderast i forhold til potensiell flaumfare. Det er ikkje avdekka særskild fare knytt til skred.
Utvikling i grendene Spreidd bustadbygging i Sogndalsdalen (LSB1, LSB2)	LSB1 bør kartleggast grundigare med omsyn til skred. Det er ikkje avdekka særskild fare som følgje av flaum.
Utvikling i grendene Spreidd bustadbygging i Øvstedalen (LSB3)	Grundigare kartlegging av arealformålet bør vurderast med omsyn til skred. Utbyggingsarealet i Øvstedalen må vurderast i forhold til potensiell flaumfare.
Infrastruktur Trafostasjon på Fardal (S1)	Grundigare kartlegging av arealformålet bør vurderast med omsyn til skred. Det er ikkje avdekka særskild fare som følgje av flaum.
Infrastruktur Parkering i Sogndalsdalen (SPA1, SPA2)	Grundigare kartlegging av arealformåla bør vurderast med omsyn til skred. Utbyggingsareala må vurderast i forhold til potensiell flaumfare.
Infrastruktur Parkering indre Barsnesfjorden (SPA3)	Grundigare kartlegging av arealformålet bør vurderast med omsyn til skred. Det er ikkje avdekka særskild fare som følgje av flaum eller skred.
Tilgjenge til fjord Kløvhola . naustbygg (BAB1)	Det er ikkje avdekka særskild fare som følgje av flaum eller skred.
Tilgjenge til fjord Småbåthamner i Fjærlandsfjorden (VS1, VS2, VS3)	Grundigare kartlegging av arealformåla bør vurderast med omsyn til skred. Det er ikkje avdekka særskild fare som følgje av flaum.
Tilgjenge til fjord Småbåthamner i Norafjorden/Barsnesfjorden (VS4, VS5)	Grundigare kartlegging av arealformåla bør vurderast med omsyn til skred. Det er ikkje avdekka særskild fare som følgje av flaum.
Fritid og rekreasjon Fritidsbustadar i Sogndalsdalen (BFR1)	Utbyggingsarealet ved må vurderast i forhold til potensiell flaumfare. Det er ikkje avdekka særskild fare knytt til skred.
Fritid og rekreasjon Fritidsbustad på Fimreite (BFR2)	Grundigare kartlegging av arealformålet bør vurderast med omsyn til skred. Det er ikkje avdekka særskild fare som følgje av flaum eller transport av farleg gods.
Fritid og rekreasjon Utviding av skisenter på Hollekve (BIA1, BIA2, KBA1, KBA2)	Sørlege del av hytte-utbyggingsarealet ved må vurderast i forhold til potensiell flaumfare. Det er ikkje avdekka særskild fare knytt til skred.


## 2. KU

### 2.1 Overordna metode

I samsvar med planprogrammet er føremålet med konsekvensutgreiinga å:

1. systematisk avklare kva konsekvensar dei ulike arealbruksendringane vil medføre, i balanse med prinsippa som er klarlagt i fastsett planprogram
2. avklare mulege uønskte hendingar og verknadar av desse, DSB sine rettleiarar og hovudprinsippa i NS5814 ligg til grunn i vurderingane

Konsekvensutgreiinga skil mellom vurdering av konsekvensar i høve til natur og samfunn. Under desse to tema er det igjen fleire undertema som vert vurdert kvar for seg. Alle tema vert vurdert for kvar einiskild arealbruksendring.



Figur 2 Hovudgrep for konsekvensanalyse

Noverande planavklart og faktisk arealbruk ligg til grunn for vurdering av verknadane. I konsekvensutgreiinga er overordna verknadar også del av denne vurderinga.

Forhold som skal vurderast ved seinare planleggingsstadium vert også kommentert.

## 2.1.1 Metode

Kvart undertema vert konsekvensutgreia etter følgjande inndeling:

1. Verdivurdering; ei vurdering av området sin verdi
2. Omfang; ei vurdering av endringa/påverknad endringa medfører
3. Konsekvens; ei samla vurdering av verdi og omfang

Kvart utgreiingstema er gitt ein konsekvent skala for verdi-vurderinga.

Omfang definerer ein negativ eller positiv endring som følgje av den gitte arealbruksendringa for det enkelte området. Utgangspunktet for vurderinga, 0, er noverande planavklarte status.

Skala for omfang:

- Stort negativt omfang; arealbruken vil øydelegge for det aktuelle tema
- Middels negativt omfang; arealbruken vil redusere verdien av det aktuelle tema
- Lite eller ubetydeleg omfang; arealbruken har ingen innverknad på tema
- Middels positivt omfang; arealbruken vil betre verdien for det aktuelle tema
- Stort positivt omfang; arealbruken vil i stor grad betre verdien for det aktuelle tema
- 

Konsekvensane vert vurdert som eit resultat av verdi og omfang for kvart einskild tema, som synt i Tabell 7. Skalaen i konsekvensvurderinga rangerar frå ösvært stor positiv konsekvensö (++++), via öubetydelege konsekvensarö (0), til ösvært store negative konsekvensarö (----). Til dømes vil ei stor positiv verdivurdering av eit område, i kombinasjon med stort negativt omfang som følgje av arealbruksendringa, gje ein stor negativ konsekvens. Tilsvarande vil eit område vurdert å ha liten verdi innanfor det gitte tema, i kombinasjon med lite omfang som følgje av arealbruksendringa, gje ein liten eller ubetydeleg konsekvens.

Samla evaluering av konsekvensane er gjort under kvar enkelt arealbruksendring.

Tabell 7 Hovudtrekk i vurderinga av konsekvensar

		Vurdering i forhold til virkningstema		
		Liten verdi	Middels verdi	Stor verdi
Omfang av inngrep	Stort positivt omfang	Middels positiv konsekvens (++)	Stor positiv konsekvens (+++)	Svært stor positiv konsekvens (++++)
	Middels positivt omfang	Lite positiv konsekvens (+)	Middels positiv konsekvens (++)	Middel til stor positiv konsekvens (++/+++)
	Lite omfang/ubetydeleg	Ubetydeleg konsekvens (0)	Ubetydeleg konsekvens (0)	Lite eller ubetydeleg konsekvens (-/0) / (0/+)
	Middels negativt omfang	Lite negativ konsekvens (-)	Middels negativ konsekvens (--)	Middels til stor negativ konsekvens (--/---)
	Stort negativt omfang	Middels negativ konsekvens (--)	Stor negativ konsekvens (---)	Svært stor negativ konsekvens (----)

Utgreiing av heile planen er utført i samsvar med fastsatt planprogram og er ei overordna vurdering av konsekvensane planen medfører.

## 2.1.2 Datagrunnlag og kriterium for verdisetting

### Natur

	Liten verdi	Middels verdi	Stor verdi
<b>Naturmangfald</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Område med biologisk mangfald som er representativt for distriktet.</li> <li>- Ikkje rapportert raudlista art</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Natur- og vegetasjonstypar i verdikategori B (viktig) for biologisk mangfald etter DN si handbok 13.</li> <li>- Rapporterte artar i raudlista med status «livskraftige» eller «nær trua»</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Natur- og vegetasjonstypar i verdikategori A (svært viktig) for biologisk mangfald etter DN si handbok 13.</li> <li>- Utvalde naturtypar</li> <li>- Rapporterte artar i raudlista med status «sårbar» til «kritisk trua»</li> </ul>
<b>Kulturmiljø og kulturminne</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Miljøet er vanleg førekomande og/eller fragmentert</li> <li>- Bygningar utan særskilte kvalitetar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Miljø som er representativt for ein epoke, men ikkje lenger vanleg</li> <li>- Bygningar/objekt med arkitektoniske/kunstnarleg kvalitetar</li> <li>- Område i nærleiken av automatisk freda kulturminne, med sannsyn for fleire funn</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Miljø som er sjeldan og/eller er eit særskilt godt døme på ein epoke</li> <li>- Bygningar/objekt med særskilt høg arkitektonisk/kunstnarleg kvalitet</li> <li>- Freda kulturminne</li> <li>- Automatisk freda kulturminne</li> </ul>
<b>Landskap</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Landskap utan utprega verdiar i lokal samanheng</li> <li>- Vanleg kulturlandskap med endra topografi</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Landskap som er vanleg i lokal samanheng og/eller som finst mange stader regionalt</li> <li>- Vanleg kulturlandskap med noko endra topografi</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Landskap av nasjonal interesse eller som finst få stader regionalt</li> <li>- Sjeldan/gammalt kulturlandskap</li> </ul>
<b>Landbruk</b>	<p>Arealtilstand:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Overflatedyrka</li> <li>- Driftstilhøve: Tungdrive</li> <li>- Storleik: &lt;10 daa</li> <li>- Skogsareal med låg bonitet</li> </ul>	<p>Arealtilstand: -</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Overflatedyrka/fulldyrka</li> <li>- Driftstilhøve: Middels lettdrive</li> <li>- Storleik: 10 . 50 daa</li> <li>- Større skogsareal med middels bonitet og gode driftstilhøve</li> </ul>	<p>Arealtilstand:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Fulldyrka</li> <li>- Driftstilhøve: Lettdrive</li> <li>- Storleik: &gt;50 daa</li> <li>- Større skogsareal med høg bonitet og gode driftstilhøve</li> </ul>
<b>Inngrepsfrie naturområde (INON)</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Inngrepsnære område (under ein km frå tyngre tekniske inngrep)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Inngrepsfri sone 1 Område mellom tre og fem km frå tyngre tekniske inngrep</li> <li>- Inngrepsfri sone 2</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Villmarksprega område Område fem km eller meir frå tyngre tekniske inngrep</li> </ul>

		Område mellom ein og tre km frå tyngre tekniske inngrep	
<b>Strandsone langs sjø og vassdrag</b>	– Utbygd strandsone med liten tilgjenge for allmenta	– Strandsone med spreidd utbygging	– Strandsone i tilnærma ubygde område – Strandsone med tilgjenge for allmenta i utbygde område
<b>Grønstruktur (i byggesona)</b>	- Utbygde område, grønne restareal	- Grønne lungar, leikeområde o.a. knytt til bustadområde - Område med grønstruktur i private hagar	- Større eller samanhengande grønne område og korridorar - Stiar, turveggar o.a. merka i grøntplan for Sogndal sentrum
<b>Friluftsliv</b>	- Område som er mindre brukt til friluftsliv	- Område som vert brukt av mange til friluftsliv - Område som har gode kvalitetar for friluftsliv	- Område som vert brukt svært ofte/av svært mange - Område som er ein del av regionale samanhengande naturområde - Område som er attraktive nasjonalt og som i stor grad tilbyr stillheit og naturopplevingar

## Samfunn

	Liten verdi	Middels verdi	Stor verdi
<b>Folkehelse og tilgjenge til ute- og friområde</b>	- Område med få eller ingen opparbeida rekreasjonsområde med låg kvalitet utanfor gangavstand	- Område med nokre mindre opparbeida rekreasjonsområde innan gangavstand	- Område med fleire samanhengande eller større opparbeida rekreasjonsområde med god kvalitet innan gangavstand
<b>Universell utforming</b>	– Dårlege føresetnader for at området kan verte utforma universelt	– Middels gode føresetnader for at området kan verte utforma universelt	– Gode føresetnader for at området kan verte utforma universelt
<b>Oppvekstvilkår for born og unge</b>	– Område utan skule og leikeplasser i gangavstand – Område utan trygg skuleveg	– Område med skule og leikeplasser innanfor gangavstand – Område med trygg skuleveg	– Område med skule og leikeplasser med høg kvalitet i direkte nærleik – Område med skuleveg skjerma frå biltrafikk

<b>Areal og transport (transportgenerering)</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Område med høg grad av bilavhengigheit og låg tilgjenge for gåande og syklande til tenestetilbod</li> <li>– Ikkje eksisterande kollektivtilbod</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Område med god tilgjenge til tenestetilbod for gåande, syklande og køyrande</li> <li>– Område utanfor gangavstand frå kollektivtilbod</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Område der ein ikkje er avhengig av å nytte bil til tenestetilbod</li> <li>– Område i nærleik av stoppestad for kollektivtransport</li> </ul>
<b>Infrastruktur og offentlege tenester</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Område med lite utbygd eller dårleg kapasitet i infrastruktur</li> <li>– Område med lite utbygd eller dårleg kapasitet i tenestetilbod</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Område med utbygd infrastruktur med tilstrekkeleg kapasitet for noverande situasjon</li> <li>– Område med utbygd tenestetilbod med tilstrekkelig kapasitet for noverande situasjon</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Område med kapasitet i infrastruktur for framtidige tiltak</li> <li>– Område med kapasitet i tenestetilbod for framtidige tiltak</li> </ul>

## Notat vurdering av konsekvensar for naturmangfald

Viser til referat frå planforum 21. august 2013:

*«Sogndal kommune utarbeider og sender eit notat til FM der dei kjem med skildring av korleis dei har nytta kunnskap om naturmangfald ved utarbeiding av planutkastet.»*

I høve Naturmangfaldlova (nml.) skal det vurderast om det er henta inn tilstrekkeleg med kunnskap om naturmangfaldet i planområdet, verknader av tiltaka og korleis det er teke omsyn til den informasjonen som ligg til grunn. Vurdering av naturmangfaldet etter nml. kap. II skal vere oppfylt på alle plannivå, men skal vere tilpassa plannivået. Det er difor gjort ei meir overordna vurdering av dei arealbruksendringane planen legg opp til, for å avdekke kva omsyn som må takast i vidare planlegging på lågare plannivå. Vurderingar etter nml. er gjort for nye utbyggingsområde i konsekvensutgreiinga til kommuneplanen, jf. pbl. § 4-2 og forskrift om konsekvensutgreiingar.

### **NML§8 om kunnskapsgrunnlaget**

I konsekvensutgreiinga er det teke utgangspunkt i eksisterande kunnskap som ligg føre, og vi har ikkje påvist viktige tilhøve som tilseier at det er trong for å hente inn ny kunnskap på dette nivået, jf. KU-forskrifta Vedlegg III første ledd bokstav b og § 9 første ledd. Der eksisterande kunnskapsgrunnlag tilseier at eit område har særlege naturkvalitetar, t.d. trua arter eller utvalde naturtypar, er det sett krav om utgreiing av konsekvensar av tiltak i området for desse verdiane, før tiltak kan verte sett i verk.

I utgreiingsarbeidet er det nytta følgjande kunnskapsgrunnlag:

Rettleiarar:

Veileder T-1493 Konsekvensutredninger til kommuneplanens arealdel, MD

Veileder Naturmangfoldloven kapittel II, MD

Rapportar:

«Foreløpige resultater fra naturtypekartlegging i Høyanger, Balestrand, Leikanger og Sogndal kommuner. Miljøfaglig utredning AS 2011»

Strandsoneanalyse Fjærlandsfjorden 2007

Landskapsanalyse Sogndalsdalen 2004

Biologisk mangfald i Sogndal kommune. Naturtypar, vilt, raudlistearter. Nedrelo 2001

Strandsoneanalyse Sogndal kommune 1997

Databaser:

Miljødirektoratet Naturbase innsyn, kartlag:

Utvalde naturtypar

Naturtypar

Verneområde

Verneplan for vassdrag

INON

Raudlistearter

Henta ut liste naturtypar Sogndal (vedlagd rekneark)



Artskart hjå Artsdatabanken  
Gardskart/Kilden (Skog og Landskap), kartlag:  
Vegetasjon  
Landskapsregioner  
Fylkesatlas, kartlag:  
Beitelagsgrenser  
Lokalt viktige friluftsområde

### ***NML §9 om føre-var-prinsippet***

Vi vurderer at kunnskapsgrunnlaget som er nytta i konsekvensutgreiinga er tilstrekkeleg og at fare for vesentleg skade på naturmiljøet på grunn av manglande kunnskap såleis ikkje er avdekka i KU.

### ***NML §10 om samla påkjenning på økosystem***

Under punktet naturmangfald i konsekvensutgreiinga er det gjort ei vurdering av samla påkjenning frå kvar arealbruksendring (i kvart område), som del av den totale vurderinga av konsekvensar for naturmangfaldet. Slik sett meiner vi nml. § 10 er vurdert i framlegget.

Rettleiar til nml. punkt 8.2 ber forvaltningsmyndet spørje seg kva den samla påkjenninga av planen eller tiltaket vil vere, det vil seie eksisterande tiltak og bruk, planframlegget og framtidige tiltak og bruk. Vi ser det som ei utfordring å skulle vurdere samla påkjenning på økosystem av arealbruksendringane i planen på dette plannivået, av di kommunen er samansett av ei rekkje økosystem slik det er definert i rettleiaren:

*”et mer eller mindre velavgrenset og ensartet natursystem der samfunn av planter, dyr, sopp og mikroorganismer fungerer i samspill innbyrdes og med det ikke-levende miljøet.”*

Avgrensing av heile kommunen i ulike økosystem har vi problem med å forstå korleis vi skal gjere, all den tid kommunen utgjer to landskapsregioner, fem underregioner, ei rekkje nedbørsfelt og svært ulike naturtypar kva gjeld t.d. høgde over havet, klimatiske tilhøve, geologi, vegetasjonstypar osv. Vi spør oss difor om vi har tolka rettleiaren rett på dette punktet og saknar eventuelt konkrete eksempel på korleis dette kan verte gjort på kommuneplannivå.

### ***NML §12 om miljøriktig drift, lokalisering og metodar***

For vurdering av heile planen syner vi til planprogrammet som (etter pbl. § 4-1) definerer kva alternativ som vil verte vurdert og behovet for utgreiingar. I planframlegget er det i stor grad lagt opp til eit utbyggingsmønster med samla utbyggingar. Eksempel på dette er vektlegginga av fortetting i sentrumskjerna. Hytteutbygginga i Hodlekve er eit resultat av landskapsanalysen for Sogndalsdalen (2004) som tilrår å konsentrere utbygginga samla i dette området. Slik sett meiner vi at samla lokalisering av nye utbyggingsområde fører til lågast moglege påkjenningar på naturmangfaldet totalt sett, sjølv om det for kvart utbyggingsområde naturlegvis vil verte større påkjenningar.


Når det gjeld miljøriktig drift og metodar viser vi til føresegnene til planen punkt 1-6 om fysiske krav til tiltak.

**B1 Skarestad - konsekvensutgreiing**

**Noverande føremål:** LNF  
**Foreslått føremål:** Bustad  
**Arealstorleik:** 11 da  
**Forslagsstillar:** Fjærland bygdautval

**Omtale:**

Området er ei utviding av areal sett av til bustad i arealdel 2008-2018. Avgrensing av utvidinga er gjort ut i frå aktsemdskart for skred og området grensar elles til vegen inn Supphelledalen. Sjå vurdering av innspel 71 for vurdering av utlegging av området til bustadføremål.



Tema	Omfang	Verdi	Konsekvens	Forklaring, (kunnskapsgrunnlag), usikkerheit
<b>Natur</b>				
Naturmangfald	Lite	Liten	Liten (0)	
Kulturminne og kulturmiljø	Lite	Liten	Liten (0)	
Landskap	Lite	Middels	Liten (0)	
Landbruk	Middels negativt (-)	Liten	Liten negativ (-)	Innmarksbeite og noko skog
Inngrepsfrie naturområde (INON)	Lite	Liten	Liten (0)	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Lite	Middels	Liten (0)	Området grensar mot bekk i nordaust.
Grønstruktur	Lite	Liten	Liten (0)	
Friluftsliv	Lite	Liten	Liten (0)	
<b>Samfunn</b>				
Folkehelse og tilgjenge til ute- og friområde	Lite	Liten	Liten (0)	
Universell utforming	Middels positiv (+)	Middels	Middels positiv (++)	Området har gode føresetnader for UU
Oppvekstvilkår for born og unge	Middels positiv (+)	Liten	Liten positiv (+)	Området ligg utanfor gangavstand frå skule. Utbygging vil løyse ut krav om opparbeiding av leikeplass.
Areal og transport	Middels negativt (-)	Liten	Liten negativ (-)	Området er i stor grad bilavhengig
Infrastruktur og offentlege tenester	Lite	Middels	Liten (0)	Utbygging er vurdert til å ikkje løyse ut behov for ny infrastruktur eller tenesteyting.
	<b>UH1 Flaum</b>	<b>UH2 Skred</b>	<b>Forklaring, (kunnskapsgrunnlag), usikkerheit</b>	
<b>Samfunnstryggleik</b>			Planføremålet ligg ikkje i direkte konflikt med potensiell flaumsone eller innanfor NGUs aktsemdssoner.	

**Samla vurdering og eventuelle alternativ eller avbøtande tiltak**

Samla konsekvens av arealbruksendringa er liten positiv, negativ verknad for natur er vurdert opp mot positivt verknad for samfunn. ROS har ikkje avdekkja tilhøve som krev vidare utgreiingar. Aktsemdskart for skred syner at Skarestad er eit av få trygge areal for utlegging til bustadføremål i Fjærland, og er sett av som hovudområde for nye bustader i denne delen av kommunen. Nytt av å sikre bustadforsyninga i Fjærland gjennom arealbruksendringa er høgare enn konsekvensane av nedbygging av beiteområde og transportmengda arealbruksendringa generer.

**Konklusjon:**


Ut i frå ei samla vurdering av målsetnadane i arealplanen, KU og samfunnstryggleik er arealbruksendringa føremålstenleg.

**B2 Ylvisåker - konsekvensutgreiing**

**Noverande føremål:** LNF  
**Foreslått føremål:** Bustad  
**Arealstorleik:** 1,7 da  
**Forslagsstiller:** Svein Jarle Slinde

**Omtale:**

Området ligg i direkte nærleik til Norane oppvekstsenter, Aaberge planteskule, idrettsplass og friområde. Området er avgrensa til areal delvis dekkja av knausar. Sjå vurdering av innspel 64 for utlegging til bustadføremål.



Tema	Omfang	Verdi	Konsekvens	Forklaring, (kunnskapsgrunnlag), usikkerheit
<b>Natur</b>				
Naturmangfald	Lite	Liten	Liten (0)	
Kulturminne og kulturmiljø	Lite	Liten	Liten (0)	
Landskap	Lite	Liten	Liten (0)	
Landbruk	Middels negativ (-)	Middels	Middels negativ (--)	Området er i stor grad vist som uproduktiv skog, men grensar til fulldyrka mark
Inngrepsfrie naturområde (INON)	Lite	Liten	Liten (0)	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Lite	Liten	Liten (0)	
Grønstruktur	Middels negativ (-)	Liten	Liten negativ (-)	Trevegetasjon
Friluftsliv	Lite	Liten	Liten (0)	
<b>Samfunn</b>				
Folkehelse og tilgjenge til ute- og friområde	Middels positiv (+)	Stor	Middels positiv (++)	Friområde på Ylvisåker ligg i direkte nærleik til bustadområdet
Universell utforming	Middels positiv (+)	Stor	Middels positiv (++)	Området er tilnærma flatt og kan med få tiltak støtte krava til UU
Oppvekstvilkår for born og unge	Stor positiv (++)	Stor	Stor positiv (+++)	Området ligg i direkte nærleik til Norane oppvekstsenter
Areal og transport	Middels negativ (-)	Middels	Middels negativ (--)	Ylvisåker er eit bilavhengig område
Infrastruktur og offentlege tenester	Lite	Stor	Liten (0)	Utbygging er vurdert til å ikkje løyse ut behov for ny infrastruktur eller tenesteyting.
	<b>UH1 Flaum</b>	<b>UH2 Skred</b>	<b>Forklaring, (kunnskapsgrunnlag), usikkerheit</b>	
<b>Samfunnstryggleik</b>			Planføremålet ligg i grensa for NGUs aktsemdssoner for skred, grundigare kartlegging bør gjennomførast. Det er ikkje i direkte konflikt med potensiell flaumsone.	

**Samla vurdering og eventuelle alternativ eller avbøtande tiltak**

Samla konsekvens av arealbruksendringa er nøytralt. Positivt resultat for samfunn veg opp for negativ verknad for natur. Området gjev bustadforsyning i Norane, men ligg elles løyst frå andre bustadområde. ROS avdekkjer at skredkartlegging bør gjennomførast.

**Konklusjon:**

Ut i frå ei samla vurdering av målsetnadane i arealplanen, KU og samfunnstryggleik kan arealbruksendringa gjennomførast.

**B3 Barsnes - konsekvensutgreiing**

Noverande føremål: LNF og bustad  
 Foreslått føremål: Bustad  
 Arealstorleik: 2,5 da  
 Forslagsstiller: Frode Andreas Hågvar

**Omtale:**

Området ligg ved Barsnes, aust for Sogndal sentrum. Avgrensing av området er gjort ut i frå innspel frå grunneigar. Sjå vurdering av innspel 28 og naboeigedom B4, innspel 36.



Tema	Omfang	Verdi	Konsekvens	Forklaring, (kunnskapsgrunnlag), usikkerheit
<b>Natur</b>				
Naturmangfald	Middels negativt (-)	Middels	Middels negativ (--)	BN00035741 Indre Sogndalsfjorden, sterke tidevasstraumar, verdi B: viktig. Vadefuglar. Utlegging til bustader vil truleg endre resipienttilhøva utan avbøtande tiltak.
Kulturminne og kulturmiljø	Lite	Liten	Liten (0)	
Landskap	Middels negativt (-)	Stor	Stor negativ (---)	Synleg og særlege kulturlandskap, framleis med preg av å vera eit jordbrukslandskap
Landbruk	Middels negativt (-)	Liten	Lite negativ (-)	Overflatedyrka jord og skog med høg bonitet, lite areal
Inngrepssone naturområde (INON)	Lite	Liten	Liten (0)	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Lite	Liten	Liten (0)	
Grønstruktur	Lite	Liten	Liten (0)	
Friluftsliv	Lite	Liten	Liten (0)	
<b>Samfunn</b>				
Folkehelse og tilgjenge til ute- og friområde	Lite	Middels	Liten (0)	
Universell utforming	Middels negativ (-)	Liten	Liten negativ (-)	Området er relativt bratt og kan vanskeleg stette krava til stigningstilhøve
Oppvekstvilkår for born og unge	Middels positiv (+)	Liten	Liten positiv (+)	Området ligg utanfor gangavstand til skule og leikeplassar, utbygging vil løyse ut krav om opparbeiding av leikeplass.
Areal og transport	Middels negativ (-)	Liten	Lite negativt (-)	Området er i stor grad bilavhengig
Infrastruktur og offentlege tenester	Stort negativt (--)	Liten	Middels negativ (--)	Området har ikkje utbygd avlaup. Skulebuss. Vegen til Barsnes går gjennom område med skredhendingar dei siste tjuve år.
	<b>UH1 Flaum</b>	<b>UH2 Skred</b>	<b>Forklaring, (kunnskapsgrunnlag), usikkerheit</b>	
<b>Samfunnstryggleik</b>			Planføremålet ligg innanfor NGUs aktsemdssoner for skred, og heile området er frårådd til utbygging av tidlegare fylkesgeolog. Det er ikkje i direkte konflikt med potensiell flaumsone.	

**Samla vurdering og eventuelle alternativ eller avbøtande tiltak**

Samla konsekvens av arealbruksendringa er stor negativ. Føremålet slår negativt ut på fleirtalet av vurderingstema, særleg på landskap og naturmangfald. ROS avdekkjer at området ikkje bør byggast ut. Området er tidlegare vurdert til å vere trygt for skredfare innanfor avgrensinga av Asbjørn Rune Aa ved Høgskulen i Sogn og Fjordane i rapport vedlagt innspelet. Tidlegare fylkesgeolog Bjørn F. Russenes frårådde å leggje ut «trygge» enkeltområde innanfor område som totalt sett er vurdert til å vere utsett for skredfare, i rapport for vurdering av område mellom Loftesnes og Barsnes 6.5.2008. Nyten for samfunnet i høve bustadforsyning er liten.

**Konklusjon:**

Ut i frå ei samla vurdering av målsetnadane i arealplanen, KU og samfunnstryggleik bør arealbruksendringa ikkje gjennomførast.

**B4Barsnes - konsekvensutgreiing**

Noverande føremål: LNF og bustad


Foreslått føremål: Bustad

Arealstorleik: 9,2 da

Forslagsstiller: Jarle Barsnes

**Omtale:**

Området ligg ved Barsnes, aust for Sogndal sentrum. Avgrensing av området er gjort ut i frå innspel frå grunneigar. Sjå vurdering av innspel 36 og innspel 28, naboeigedom B4 førre side.



Tema	Omfang	Verdi	Konsekvens	Forklaring, (kunnskapsgrunnlag), usikkerheit
<b>Natur</b>				
Naturmangfald	Middels negativt (-)	Middels	Middels negativt (--)	BN00035741 Indre Sogndalsfjorden, sterke tidevasstraumar, verdi B: viktig. Vadefuglar. Utlegging til bustader vil truleg endre resipientilhøva utan avbøtande tiltak.
Kulturminne og kulturmiljø	Lite	Liten	Liten (0)	
Landskap	Middels negativt (-)	Stor	Stor negativ(---)	Synleg og særlege kulturlandskap, framleis med preg av å vera eit jordbrukslandskap
Landbruk	Middels negativt (-)	Middels	Middels negativt (--)	Innmarksbeite og skog med særleg høg bonitet
Inngrepsfrie naturområde (INON)	Lite	Liten	Liten (0)	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Lite	Liten	Liten (0)	Delar ligg innanfor 100m-belte, men er avgrensa av veg
Grønstruktur	Lite	Liten	Liten (0)	
Friluftsliv	Lite	Liten	Liten (0)	
<b>Samfunn</b>				
Folkehelse og tilgjenge til ute- og friområde	Lite	Middels	Liten (0)	
Universell utforming	Middels negativ (-)	Liten	Lite negativ (-)	Øvre delar av området er relativt bratt og kan vanskeleg sette krava til stigningstilhøve
Oppvekstvilkår for born og unge	Middels positiv (+)	Liten	Lite positiv (+)	Området ligg utanfor gangavstand til skule og leikeplassar, utbygging vil løyse ut krav om opparbeiding av leikeplass.
Areal og transport	Middels negativ (-)	Liten	Lite negativ (-)	Området er i stor grad bilavhengig
Infrastruktur og offentlege tenester	Stort negativt (--)	Liten	Middels negativt (--)	Området har ikkje utbygd avlaup. Skulebuss. Vegen til Barsnes går gjennom område med skredhendingar dei siste tjue år.
	<b>UH1 Flaum</b>	<b>UH2 Skred</b>	<b>Forklaring, (kunnskapsgrunnlag), usikkerheit</b>	
<b>Samfunnstryggleik</b>			Planføremålet ligg innanfor NGUs aktsemdssonar for skred, og heile området er frårådd til utbygging av fylkesgeolog. Det er ikkje i direkte konflikt med potensiell flaumsone.	

**Samla vurdering og eventuelle alternativ eller avbøtande tiltak**

Samla konsekvens av arealbruksendringa er stor negativ. Endringa slår negativt ut på fleirtalet av vurderingstema, særleg på landskap og naturmangfald. ROS avdekkjer at området ikkje bør byggast ut. Området er tidlegare vurdert til å vere trygt for skredfare innanfor avgrensinga av Asbjørn Rune Aa ved Høgskulen i Sogn og Fjordane i rapport vedlagd innspellet. Tidlegare fylkesgeolog Bjørn F. Russenes frårådde å leggje ut «trygge» enkeltområde innanfor område som totalt sett er vurdert til å vere utsett for skredfare, i rapport for vurdering av område mellom Loftesnes og Barsnes 6.5.2008. Nyten for samfunnet i høve bustadforsyning er liten.

**Konklusjon:**

Ut i frå ei samla vurdering av målsetnadane i arealplanen, KU og samfunnstryggleik bør arealbruksendringa ikkje gjennomførast.

**B5-1 Nybø - konsekvensutgreiing**

Noverande føremål: LNF  
 Foreslått føremål: Bustad  
 Arealstorleik: 41,8 da  
 Forslagsstiller: Rådmann

**Omtale:**

Området ligg i Amlabukta, aust for ferjekaia. Feltet er ei utviding av areal sett av til bustad i arealdel 2008-2018 og er i tråd med føringar for framtidig arealbruk i stadanalysen av Amlabukti frå 2004. Avgrensinga er basert på utnytting av eksisterande vegsystem i området.



Tema	Omfang	Verdi	Konsekvens	Forklaring, (kunnskapsgrunnlag), usikkerheit
<i>Natur</i>				
Naturmangfald	Lite	Liten	Liten (0)	
Kulturminne og kulturmiljø	Lite	Liten	Liten (0)	
Landskap	Middels negativt (-)	Middels	Middels negativt (--)	Nedbygging av kulturlandskap. Stadanalyse Amlabukti, 2004
Landbruk	Middels negativt (-)	Middels	Middels negativt (--)	Nedbygging av innmarksareal med god jordkvalitet
Inngrepsfrie naturområde (INON)	Lite	Liten	Liten (0)	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Lite	Liten	Liten (0)	
Grønstruktur	Middels negativt (-)	Middels	Middels negativt (--)	Nedbygging av kantsone til større skogområde
Friluftsliv	Lite	Liten	Liten (0)	
<i>Samfunn</i>				
Folkehelse og tilgjenge til ute- og friområde	Lite	Middels	Liten (0)	
Universell utforming	Middels positivt (+)	Middels	Middels positivt (++)	Arealbruksendringa gjer området lettare tilgjengeleg for rørslehemma
Oppvekstvilkår for born og unge	Lite	Middels	Liten (0)	
Areal og transport	Middels negativt (-)	Liten	Lite negativt (-)	Høg grad bilavhengigheit, vil ikkje endrast positivt ved tiltak
Infrastruktur og offentlege tenester	Middels negativt (-)	Middels	Middels negativt (--)	Vil utløyse behov for opparbeiding av avlaupsnett og muleg behov for utviding av veg.
	<b>UH1 Flaum</b>	<b>UH2 Skred</b>	<b>Forklaring, (kunnskapsgrunnlag), usikkerheit</b>	
<i>Samfunnstryggleik</i>			Planføremålet ligg innanfor NGUs aktsemdssoner for snøskred, grundigare kartlegging bør gjennomførast. Det er ikkje i direkte konflikt med potensiell flaumsone.	

**Samla vurdering og eventuelle alternativ eller avbøtande tiltak**

Samla konsekvens av arealbruksendringa er liten negativ. Endringa slår negativt ut på fleire vurderte tema. Arealbruksendringa inneber foretting rundt eksisterande busetnad og styrka bustadforsyning. ROS avdekkjer behov for skredfarevurdering ut ifrå aktsemdskart, men dei klimatiske tilhøva tilseier at snøskred ikkje er sannsynleg i området. Arealbruksendringa inneber foretting rundt eksisterande busetnad og styrka bustadforsyning. Nyttå av å utnytte resterande areal er etter vår vurdering større enn negative konsekvensar av arealbruksendringa.

**Konklusjon:**


Ut i frå ei samla vurdering av målsetnadane i arealplanen, KU og samfunnstryggleik er arealbruksendringa føremålstenleg.

**B5-2Løypet - konsekvensutgreiing**

Noverande føremål: LNF  
 Foreslått føremål: Bustad  
 Arealstorleik: 7,1 da  
 Forslagsstiller: Rådmann

**Omtale:**

Området ligg like bak ferjekaia i Kaupanger og grensar til Kaupangervegen. Avgrensinga er gjort for å inkludere restareal som «høyrrer til» nærliggjande bustadareal i arealdel 2008-2018 og er i tråd med stadanalyse. Arealet er dekkja av blandingsskog.



Tema	Omfang	Verdi	Konsekvens	Forklaring, (kunnskapsgrunnlag), usikkerheit
<b>Natur</b>				
Naturmangfald	Lite	Liten	Liten (0)	
Kulturminne og kulturmiljø	Lite	Liten	Liten (0)	
Landskap	Lite	Liten	Liten (0)	Stadanalyse Amlabukti, 2004
Landbruk	Lite	Liten	Liten (0)	Blandingsskog, høg bonitet
Inngrepsfrie naturområde (INON)	Lite	Liten	Liten (0)	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Lite	Liten	Liten (0)	
Grønstruktur	Middels negativt (-)	Middels	Middels negativt (--)	Nedbygging av kantsone til større skogområde
Friluftsliv	Lite	Liten	Liten (0)	
<b>Samfunn</b>				
Folkehelse og tilgjenge til ute- og friområde	Lite	Middels	Liten (0)	
Universell utforming	Middels positivt (+)	Middels	Middels positivt (++)	Arealbruksendringa gjer området lettare tilgjengeleg for rørslehemma
Oppvekstvilkår for born og unge	Lite	Middels	Liten (0)	
Areal og transport	Middels negativt (-)	Liten	Lite negativt (-)	Høg grad bilavhengigheit, vil ikkje endrast positivt ved tiltak
Infrastruktur og offentlege tenester	Middels negativt (-)	Middels	Middels negativt (--)	Vil utløyse behov for opparbeiding av avlaupsnett og muleg behov for utviding av veg.
	<b>UH1 Flaum</b>	<b>UH2 Skred</b>	<b>Forklaring, (kunnskapsgrunnlag), usikkerheit</b>	
<b>Samfunnstryggleik</b>			Planføremålet ligg innanfor NGUs aktsemdssoner for snøskred, grundigare kartlegging bør gjennomførast. Det er ikkje i direkte konflikt med potensiell flaumsone.	

**Samla vurdering og eventuelle alternativ eller avbøtande tiltak**

Samla konsekvens av arealbruksendringa er liten negativ. Endringa slår negativt ut på nokre av dei vurderte tema. ROS avdekkjer behov for skredfarevurdering ut ifrå aktsemdskart, men dei klimatiske tilhøva tilseier at snøskred ikkje er sannsynleg i området. Arealbruksendringa inneber fortetting rundt eksisterande busetnad og styrka bustadforsyning. Nytt av å utnytte resterande areal er etter vår vurdering større enn negative konsekvensar av arealbruksendringa. Nytt av å utnytte resterande areal er etter vår vurdering større enn negative konsekvensar av arealbruksendringa.

**Konklusjon:**

Ut i frå ei samla vurdering av målsetnadane i arealplanen, KU og samfunnstryggleik er arealbruksendringa føremålstenleg.

**B6Kaupanger (Fergebo) - konsekvensutgreiing**

**Noverande føremål:** LNF  
**Foreslått føremål:** Bustad  
**Arealstorleik:** 6,1 da  
**Forslagsstiller:** Fergebo AS v/ Christen Knagenhjelm

**Omtale:**

Området ligg like bak ferjekaia i Kaupanger og grensar til Kaupangsvegen. Avgrensinga er gjort ut i frå innspel 54 og eigedomsgrenser. Utlegging til bustad forå vidareutvikle området rundt ferjekaia er etter vår vurdering i tråd med stadanalysen av Amlabukti. Arealet er dekkja av blandingsskog og inneheld grunnmur frå tidlegare bygningar/anlegg.



Tema	Omfang	Verdi	Konsekvens	Forklaring, (kunnskapsgrunnlag), usikkerheitar
<b>Natur</b>				
Naturmangfald	Lite	Liten	Liten (0)	
Kulturminne og kulturmiljø	Lite	Liten	Liten (0)	
Landskap	Lite	Liten	Liten (0)	Stadanalyse Amlabukti, 2004
Landbruk	Lite	Liten	Liten (0)	Blandingsskog, høg bonitet
Inngrepssone frie naturområde (INON)	Lite	Liten	Liten (0)	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Lite	Liten	Liten (0)	
Grønstruktur	Middels negativt (-)	Middels	Middels negativ (--)	Nedbygging av kantsone til større skogområde
Friluftsliv	Lite	Liten	Liten (0)	
<b>Samfunn</b>				
Folkehelse og tilgjenge til ute- og friområde	Lite	Middels	Liten (0)	
Universell utforming	Middels positivt (+)	Middels	Middels positiv (++)	Arealbruksendringa gjer området lettare tilgjengeleg for rørslehemma
Oppvekstvilkår for born og unge	Lite	Middels	Liten (0)	
Areal og transport	Middels negativt (-)	Liten	Liten negativ (-)	Høg grad bilavhengigheit, vil ikkje endrast positivt ved tiltak
Infrastruktur og offentlege tenester	Middels negativt (-)	Middels	Middels negativ (--)	Vil utløyse behov for opparbeiding av avlaupsnett og muleg behov for utviding av veg.
	<b>UH1 Flaum</b>	<b>UH2 Skred</b>	<b>Forklaring, (kunnskapsgrunnlag), usikkerheitar</b>	
<b>Samfunnstryggleik</b>			Planføremålet ligg innanfor NGUs aktsemdssoner for snøskred, grundigare kartlegging bør gjennomførast. Det er ikkje i direkte konflikt med potensiell flaumsone.	

**Samla vurdering og eventuelle alternativ eller avbøtande tiltak**

Samla konsekvens av arealbruksendringa er liten negativ. Endringa slår negativt ut på nokre av dei vurderte tema. ROS avdekkjer behov for skredfarevurdering ut ifrå aktsemdskart, men dei klimatiske tilhøva tilseier at snøskred ikkje er sannsynleg i området. Arealbruksendringa inneber fortetting rundt eksisterande busetnad og styrka bustadforsyning. Nytt av å utnytte resterande areal er etter vår vurdering større enn negative konsekvensar av arealbruksendringa.

**Konklusjon:**

Ut i frå ei samla vurdering av målsetnadane i arealplanen, KU og samfunnstryggleik er arealbruksendringa føremålstenleg.



**B7-1Brekke - konsekvensutgreiing**

Noverande føremål: LNF  
 Foreslått føremål: Bustad  
 Arealstorleik: 11,7 da  
 Forslagsstiller: Rådmann

**Omtale:**

Området ligg over eksisterande bustadfelt i Kaupangerbukta. Avgrensinga er gjort for å utnytte eksisterande vegar på oversida av bustadfeltet og er etter vår vurdering i tråd med stadanalysen av Amlabukti.



Tema	Omfang	Verdi	Konsekvens	Forklaring, (kunnskapsgrunnlag), usikkerheitar
<b>Natur</b>				
Naturmangfald	Lite	Liten	Liten (0)	
Kulturminne og kulturmiljø	Lite	Liten	Liten (0)	
Landskap	Lite	Liten	Liten (0)	Stadanalyse Amlabukti, 2004
Landbruk	Middels negativt (-)	Middels	Middels negativt (--)	Barskog, høg bonitet
Inngrepssone (INON)	Lite	Liten	Liten (0)	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Lite	Liten	Liten (0)	
Grønstruktur	Middels negativt (-)	Middels	Middels negativ (--)	Nedbygging av kantsone til større skogområde
Friluftsliv	Middels negativt (-)	Liten	Lite negativt (-)	Nedbygging av mindre nytta friluftslivområde
<b>Samfunn</b>				
Folkehelse og tilgjenge til ute- og friområde	Middels negativt (-)	Middels	Middels negativ (--)	Området har open furuskog og er lett tilgjengeleg for turar
Universell utforming	Middels positivt (+)	Middels	Middels positiv (++)	Arealbruksendringa gjer området lettare tilgjengeleg for rørslehemma
Oppvekstvilkår for born og unge	Lite	Middels	Liten (0)	
Areal og transport	Middels negativt (-)	Liten	Lite negativt (-)	Høg grad bilavhengigheit, vil ikkje endrast positivt ved tiltak
Infrastruktur og offentlege tenester	Middels negativt (-)	Middels	Middels negativ (--)	Vil utløyse behov for opparbeiding av avlaupsnett og muleg behov for utviding av veg.
	<b>UH1 Flaum</b>	<b>UH2 Skred</b>	<b>Forklaring, (kunnskapsgrunnlag), usikkerheitar</b>	
<b>Samfunnstryggleik</b>			Planføremålet ligg innanfor NGUs aktsemdssoner for skred, grundigare kartlegging bør gjennomførast. Det er ikkje i direkte konflikt med potensiell flaumsone.	

**Samla vurdering og eventuelle alternativ eller avbøtande tiltak**

Samla konsekvens av arealbruksendringa er liten negativ. Endringa slår negativt ut på halvparten av vurderte tema. ROS avdekkjer behov for skredfarevurdering ut ifrå aktsemdskart. Arealbruksendringa inneber fortetting rundt eksisterande busetnad og styrka bustadforsyning. Nyta av å utnytte resterande areal er etter vår vurdering større enn negative konsekvensar av endringa.

**Konklusjon:**


Ut i frå ei samla vurdering av målsetnadane i arealplanen, KU og samfunnstryggleik er arealbruksendringa føremålstenleg.

**B7-2Brekke - konsekvensutgreiing**

Noverande føremål: LNF  
 Foreslått føremål: Bustad  
 Arealstorleik: 2,6 da  
 Forslagsstiller: Rådmann

**Omtale:**

Området ligg over eksisterande bustadfelt i Kaupangerbukta. Avgrensinga er gjort for å utnytte eksisterande vegar på oversida av bustadfeltet og er etter vår vurdering i tråd med stadanalysen av Amlabukti.



Tema	Omfang	Verdi	Konsekvens	Forklaring, (kunnskapsgrunnlag), usikkerheit
<b>Natur</b>				
Naturmangfald	Lite	Liten	Liten (0)	
Kulturminne og kulturmiljø	Lite	Liten	Liten (0)	
Landskap	Lite	Liten	Liten (0)	Stadanalyse Amlabukti, 2004
Landbruk	Middels negativt (-)	Middels	Middels negativt (--)	Barskog, høg bonitet
Inngrepssone langs sjø og vassdrag	Lite	Liten	Liten (0)	
Grønstruktur	Middels negativt (-)	Stor	Middels til stor negativ konsekvens (-/--)	Nedbygging av samanhengande skogbelte
Friluftsliv	Middels negativt (-)	Liten	Lite negativt (-)	Nedbygging av mindre nytta friluftslivområde
<b>Samfunn</b>				
Folkehelse og tilgjenge til ute- og friområde	Middels negativt (-)	Middels	Middels negativt (--)	Området har open furuskog og er lett tilgjengeleg for turar
Universell utforming	Middels positivt (+)	Middels	Middels positivt (++)	Endringa gjer området lettare tilgjengeleg for rørslehemma
Oppvekstvilkår for born og unge	Lite	Middels	Liten (0)	
Areal og transport	Middels negativt (-)	Liten	Lite negativt (-)	Høg grad bilavhengigheit, vil ikkje endrast positivt ved tiltak
Infrastruktur og offentlege tenester	Middels negativt (-)	Middels	Middels negativt (--)	Vil utløyse behov for opparbeiding av avlaupsnett og muleg behov for utviding av veg.
	<b>UH1 Flaum</b>	<b>UH2 Skred</b>	<b>Forklaring, (kunnskapsgrunnlag), usikkerheit</b>	
<b>Samfunnstryggleik</b>			Planføremålet ligg innanfor NGUs aktsemdssoner for skred, grundigare kartlegging bør gjennomførast. Det er ikkje i direkte konflikt med potensiell flaumsone.	

**Samla vurdering og eventuelle alternativ eller avbøtande tiltak**

Samla konsekvens av arealbruksendringa er liten negativ. Endringa slår negativt ut på halvparten av vurderte tema. ROS avdekkjer behov for skredfarevurdering ut ifrå aktsemdskart. Arealbruksendringa inneber fortetting rundt eksisterande busetnad og styrka bustadforsyning. Nyttar av å utnytte resterande areal er etter vår vurdering større enn negative konsekvensar av arealbruksendringa.

**Konklusjon:**


Ut i frå ei samla vurdering av målsetnadane i arealplanen, KU og samfunnstryggleik er arealbruksendringa føremålstenleg.

**B8Hovland - konsekvensutgreiing**

Noverande føremål: LNF  
 Foreslått føremål: Bustad  
 Arealstorleik: 30,7  
